

Masteroppgåve

**Normkompetanse hjå nynorsk- og
bokmåselevar**

Ein rettskrivingsstudie av to 9.-klasser med ulike
hovudmål

Birte Lindblom

Skriftkulturar

2024

Tal ord : 26219



HØGSKULEN
I VOLDA

Samandrag

Denne masteroppgåva byggjer på ein hovudsakleg kvantitativ studie som undersøker rettskrivingsdugleiken blandt to tilfeldig valde 9.-klasser med ulike hovudmål: ei nynorskklassa på Vestlandet og ei bokmålsklasse i Nord-Noreg. Informantane i dei ulike gruppene snakkar begge eit særlege talemål som skil seg i større eller mindre grad frå hovudmålet. Oppgåva har difor eit særleg søkjelys mot dei ulike språklege kontekstane dei ulike elevgruppene lever i og korleis dette kan prege resultata deira. Studien kartleggjer normavvika ein finn i gruppene og drøftar i kor stor grad desse avvika er påverka av innslag frå ulike påverknadsfaktorar, med særleg fokus retta mot innslag av lokal dialekt eller det aktuelle sidemålet til klassene.

Resultata syner at nynorskelevane har fleire avvik per 100 ord (8,2) enn bokmåselevane (2,9), noko som også stemmer med tidlegare forskning. Vidare ser ein at normavvik som botnar i påverknad frå den lokale dialekten dominerer i begge gruppene med 34% hjå klassa på Vestlandet og 59% hjå klassa i Nord-Noreg. Den største skilnaden på gruppene er at elevklassa på Vestlandet har avvik som også fell saman med bokmål (17%), medan elevklassa i NordNoreg ikkje har avvik som fell saman med nynorsk (0%).

Resultata syner at avvik som resulterer i interferens frå dialekt eller dialekt nær skrivning kan i større eller mindre grad førekomme for elevar som snakkar ein særlege dialekt som skil seg frå hovudmålet, uavhengig av om ein har nynorsk eller bokmål som hovudmål. Dette aspektet skil seg frå tidlegare studiar som hovudsakleg har teke føre seg normavvik hjå nynorskelevar frå ulike stadar i det nynorske kjerneområdet (Helset & Brunstad, 2020; Helset, 2021; Hellevang & Helset, 2022).

Ved å studere likskapar og skilnadar mellom to elevklasser med ulike hovudmål, kan studien min bidra til å synleggjere korleis dei ulike språksituasjonane gruppene lever i kan vere med på å påverke rettskrivingsdugleiken deira.

Abstract

The Norwegian language has two written standards: Nynorsk and Bokmål. The fact that Norwegian students, regardless of where they live, should be taught and master both official written languages (Kunnskapsdepartementet, 2019, p. 9), which are also quite closely related, is unique to Norway. This thesis is predominantly a quantitative study that examines norm competence among two randomly selected groups of 9th grade students with different written languages: one Nynorsk class in Western Norway and one Bokmål class in Northern Norway.

What the informants in the different groups have in common, is that they both speak a distinctive dialect that differs to various extent from the written language they use. Therefore, the thesis has a special focus on the different linguistic contexts in which these two student groups live and how this can affect their results. The study maps the norm deviations found in the groups and discusses the extent to which these deviations are affected by different influencing factors, with a particular focus on if the deviations are influenced by the local dialect or the other written language (Bokmål for those that use Nynorsk, and Nynorsk for those that use Bokmål).

My results show that pupils that have Nynorsk as their written standard have more deviations per 100 words (8,2) than Bokmål pupils (2,9), and that norm deviations that correlate to influence from the local dialect dominate in both groups, with 34% in the class in Western Norway and 59% in the class in Northern Norway. My results also show another important difference between the groups, which is that the class in Western Norway has deviations that also coincide with Bokmål (17%), whereas the class in Northern Norway does not have deviations that coincide with Nynorsk (0%).

The results can highlight that deviations resulting in interference from dialect due to dialect-related writing can occur for students who speak a distinctive dialect that differs from the standard written language, regardless of which written standard language they use. This aspect differs from previous studies, which have mainly focused on norm deviations among Nynorsk students from different locations within the core area of Nynorsk (Helset & Brunstad, 2020; Helset, 2021; Hellevang & Helset, 2022).

Forord

Det som gav meg inspirasjon til å skrive denne oppgåva, var at eg våren 2022 skreiv ei semesteroppgåve som tok føre seg normavvik i ei 9.-klasse på Søre Sunnmøre. Å arbeide med denne oppgåva var både interessant og givande, og eg ynskter difor å ta dette eit steg vidare. Det fekk eg moglegheita til i masteroppgåva mi, men med ei litt anna vinkling.

Eg har alltid vore utruleg glad i det nynorske skriftspråket og ynskjer å styrkje og bevare det. Difor syntest eg det kunne vere interessant å vite meir om dei ulike årsakene som gjer at nynorskelevar har fleire avvik enn bokmåselevar, noko som gjer at dei ofte vel vekk nynorsken i løpet av skulegangen.

Eg vil gjerne takke dei som har gjort det betydeleg enklare for meg å kome i mål med denne masteroppgåva. Fyrst og fremst vil eg takke Stig J. Helset. Takk for at eg fekk vere med på MultiLit-prosjektet, og slik få tilgang til materialet oppgåva mi byggjer på. Å få ta del i dette prosjektet var ei interessant, nyttig og spanande oppleving. Eg vil også takke for eit godt rettleiingsarbeid og for gode råd på eit personleg plan i livssituasjonen min.

Eg vil også rette ein stor takk til mora mi som har stilt opp for meg med barnepass, slik at eg har kunne fokusere på oppgåveskriving i endå større grad. Takk til stefaren min for god hjelp med det formelle og strukturelle ved oppgåva. Sist, men ikkje minst, vil eg takke mora mi og bestefaren min for formuleringshjelp i drøftingane mine.

Innhald

Samandrag.....	ii
Abstract.....	iii
Forord.....	iv
1. Innleiing.....	1
Strukturen på oppgåva.....	4
2. Teori og tidlegare forskning.....	4
2.1 Den norske tale- og skriftspråksituasjonen i eit historisk perspektiv.....	5
2.2 Den norske tale- skriftspråksituasjonen i dag.....	7
2.3 Digital skriving på sosiale medium.....	10
2.4 Tidlegare rettskrivingsstudiar.....	13
3. Metode og materiale.....	13
3.1 Val av metode.....	13
3.2 Innsamling av datamateriale.....	15
3.2.1 Utval av informantar.....	15
3.2.2 Spørjeskjema.....	16
3.2.3 Gruppesamtalar.....	17
3.2.4 Fritidstekstar.....	18
3.2.5 Skuletekstane.....	19
3.2.6 Kategorisering av normavvik.....	21
3.3 Reliabilitet og validitet.....	22
3.4 Etske omsyn og retningslinjer.....	23
4. Resultat.....	24
4.1 Vestlandet.....	24
4.1.1 Spørjeskjema Vestlandet.....	24
4.1.2 Gruppesamtalar Vestlandet.....	27
4.1.3 Fritidstekstar Vestlandet.....	28
4.1.4 Skuletekstar Vestlandet.....	29

4.2 Nord-Noreg	32
4.2.1 Spørjeskjema Nord-Noreg	32
4.2.2 Gruppesamtalar Nord-Noreg.....	33
4.2.3 Fritidstekstar Nord-Noreg.....	34
4.2.4 Skuletekstar Nord-Noreg	34
5. Drøfting.....	36
5.1 Avvik per 100 ord og dominerande avvikstypar på Vestlandet	37
5.2 Avvik per 100 ord og dominerande avvikstypar i Nord-Noreg.....	43
5.3 Skilnadar og likskapar mellom gruppene og eventuelle årsaker til dette.....	45
6. Avslutning	54
Litteraturliste.....	59

1. Innleiing

Heilt sidan jamstillingsvedtaket i 1885 har Noreg hatt to offisielt jamstilte skriftspråk. Majoriteten av Noregs befolkning, nærmare bestemt 85-90%, har bokmål som hovudmål. Bokmålet dominerer også totalt på nasjonalt nivå. Nynorsk vert nytta av betydeleg færre, nemleg dei resterande 10-15%. Sjølv om dette høyrer lite ut, gjer det nynorsk til eit ganske stort språk på verdsbasis. Språk er identitet, og nynorsken har ein sterk posisjon på Vestlandet og tilgrensande område (Vikør, 2012). Dermed vert også vestlandsfylka gjerne kalla det nynorske kjerneområdet (Helset & Brunstad, 2020, s. 96). Samstundes er det slik at alle elevar skal ha opplæring i og meistre begge dei to offisielle norske skriftspråka uansett kvar dei bur i landet (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 9). At alle skuleelevar skal lære to såpass nærskylde skriftspråk som nynorsk og bokmål, er heilt unikt for Noreg. I tillegg har Noreg, i motsetnad til dei fleste andre land, heller ikkje noko standardisert talemål, og dette gjer tale- og skriftspråk situasjonen i Noreg heilt unik. Kor mykje denne spesielle språksituasjonen påverkar elevar i skulen i dag, er likevel truleg ulik, avhengig av kvar i landet ein bur, og kva for eit hovudmål ein har.

Fleire studiar viser at nynorskelevar har fleire avvik enn bokmålelevar når dei skriv på hovudmålet sitt, og at ein stor del av desse avvika er samanfallande med bokmål (Matre et al. 2011; Skjelten, 2013; Bjørhusdal & Juuhl, 2017). Dette kan ha samband med at nynorskungdomen både les og skriv mykje meir bokmål enn bokmålsungdom les og skriv nynorsk. Ein annan studie viser at nynorskelevane har nesten like mykje innslag av dialekt som av bokmål når dei skriv på hovudmålet sitt (Helset, 2021). Det er nemleg slik at ungdom i dag ikkje berre snakkar og høyrer dialekt i lokalsamfunnet sitt, men dei har også stor grad av fridom når det kjem til skriftkulturell kommunikasjon. Ein annan studie av Helset & Brunstad (2020, s. 108) viser rett nok at elevar som har nynorsk som hovudmål, er medvitne om at ulike skrivesituasjonar krev ulike språklege normer, og at dei tilpassar måten dei skriv på avhengig av situasjonen, kven som er mottakar og på kva for sosialt medium det vert skriva. Men den same studien viser at dei driv med skriftspråkleg veksling mykje meir enn dei som har bokmål som hovudmål, og at nynorskungdomen gjerne skriv på dialekt når dei kommuniserer med kvarandre på sosiale medium. Timane dei brukar på sosiale medium er heller ikkje få, noko som sjølv sagt kan spele inn (Helset & Brunstad, 2020, s. 107). At nynorskungdomen er medvitne om at ulike skrivesituasjonar krev ulike språklege normer, er ikkje det same som at dei faktisk klarer å skilje ut dialektale former og bokmålsformer som dei gjerne brukar når dei skriv på

sosiale medium, når dei skal skrive korrekt nynorsk. Kor godt meistarar eigentleg ungdomen som veks opp i det nynorske kjerneområdet på Vestlandet hovudmålet sitt?

Som allereie nemnt, har bokmåselevar færre avvik når dei skriv på hovudmålet sitt enn nynorskelevar. Det er likevel grunn til å tru at mengda av avvik mellom bokmåselevar vil variere ut i frå kvar i landet dei bur, og om dialekten dei snakkar ligg nært opp mot bokmål eller ikkje. Til dømes vil bokmåselevar i Aust-Noreg, særleg i Oslo-regionen og tilgrensande område, snakke eit tilnærma standardisert talemål som ligg nært opp mot bokmål. I dette området bur det også flest folk, som naturlegvis gjer at det ikkje er få som i dag snakkar ein bokmålsnær dialekt på landsbasis. Det er såleis grunn til å rekne med at desse bokmålsbrukarane har ein fordel når dei skal skrive på hovudmålet sitt, sidan det er bokmål og standardisert austnorsk som dominerer i storsamfunnet i Noreg i dag. Det kan tenkjast at dette kan vere med på å forenkla det å meistre hovudmålet sitt, sidan då både talemålet og skriftspråket ein nyttar ligg tettare opp i mot kvarandre. Samstundes er det også store delar av landet si befolkning som snakkar ein dialekt som ikkje ligg nært opp mot bokmålet i det heile teke, sjølv om dei også skriv bokmål. Mange av dei unge som veks opp i Nord-Noreg til dømes, både snakkar og skriv på dialekt på sosiale medium, samstundes som hovudmålet deira i skulen er bokmål. Kor godt meistarar dei eigentleg hovudmålet sitt?

Det er ikkje usannsynleg at det at ungdom i dag produserer store mengder dialekt nær tekst på sosiale medium, vil kunne prege rettskrivinga deira i skulesamanheng i større eller mindre grad, anten dei har nynorsk eller bokmål som hovudmål. Uansett kva for skriftspråk ein nyttar, må ein nemleg halde seg til visse normer innanfor i kvart av dei to skriftspråka. Sjølv om både bokmål og nynorsk har stor grad av valfridom når det kjem til kva for former ein kan nytte innanfor norma, så er det likevel ikkje slik at alle dialekt nærre former er tillatne. Det å vite kva for former som er innanfor og utanfor rettskrivinga kan nok opplevast vanskeleg når der er så mange valfrie former i begge skriftspråka.

Føremålet med denne mastergåva er å samanlikne hovudmålstekstar skrivne av 9.klassingar ved ein skule på Vestlandet med hovudmålstekstar skrivne av 9.-klassingar ved ein skule i Nord-Noreg, for slik å kartlegge avvik frå høvesvis nynorskrettskrivinga og bokmålsrettskrivinga. Ved sida av å samanlikne talet på avvik i kvar av dei to gruppene, rettar oppgåva eit særleg søkjelys mot (frekvensen av) ulike typar avvik. Typane av avvik er delte inn i fire kategoriar: 1. Samanfall med bokmål for dei på Vestlandet, og nynorsk for dei i Nord-Noreg, 2. Samanfall med dialekt, 3. Samanfall både med dialekt og bokmål eller nynorsk, og 4. Ingen av delane.

Ved sida av at dei to gruppene har ulikt hovudmål, er det også ein annan viktig skilnad mellom dei. For medan det for elevane i Nord-Noreg er samanfall mellom hovudmålet deira og det nasjonalt dominerande skriftspråket, møter elevane på Vestlandet i stor grad på eit anna skriftspråk enn hovudmålet sitt når dei les i sosiale og tradisjonelle media, nemleg majoritetsspråket bokmål. Som vi allereie har vore inne på, er det slik at mange av dei tidlegare studiane som har teke føre seg skuletekstar skrivne av elevar som har nynorsk som hovudmål, har vore opptatt av å kartlegge samanfall av bokmål og berre det. Denne oppgåva tek ikkje berre føre seg skuletekstar av elevar frå to ulike område i landet med to ulike hovudmål, men rettar også eit særleg søkjelys mot det faktumet at dei to elevgruppene lever i såpass ulike språksituasjonar som dei faktisk gjer. Hovudmålstekstane som elevane har skrive på skulen, vil vere hovudmaterialet mitt, og hypotesen er at ein får fleire avvik per hundre ord i skuletekstane på Vestlandet enn i skuletekstane i Nord-Noreg, både fordi tidlegare studiar viser at elevar som har nynorsk som hovudmål, har fleire avvik enn elevar som har bokmål som hovudmål, men også av dei ovanfor nemnde ulike vilkåra mellom dei to gruppene. I denne samanhengen vil eg også samanlikne gutane og jentene sine resultat, både internt i dei to gruppene, og samla.

Medan dei to gruppene skil seg får kvarandre på dei to ovanfor nemnde punkta, har dei begge det til felles at dei er dialektbrukarar og i tillegg skriv dialektnært i private samanhengar. Dette gjev grunnlag for å framsetje ein hypotese om at samanfall med dialekt vert forsterka av at dei skriv så mykje dialekt på fritida. Ved å samanlikne måten elevane skriv på i eit utval fritidstekstar med måten dei skriv på i hovudmålet sitt, kan ein iallfall få indikasjonar på om det eksisterer ein samanheng mellom dialekt nær skiving på sosiale medium og evne til korrekt skiving på hovudmålet. Hypotesen er at elevane frå begge gruppene til ein viss grad blir påverka av den dialektnære skrivinga dei nyttar i fritida når dei skal skrive på hovudmålet sitt i skulen.

På grunnlag av dette har eg formulert fylgjande forskingsspørsmål:

1. *Kor mange avvik per hundre ord finn ein i elevtekstane frå Vestlandet samanlikna med elevtekstane frå Nord-Noreg, og kva for typar avvik dominerer i kvar av dei to gruppene og samla?*

2. *Kva for likskapar og ulikskapar i skrivemønster og skrivedugleik finn vi mellom nynorskelevane på Vestlandet og bokmåselevane i Nord-Noreg, og kva kan forklare desse likskapane og skilnadene?*

Strukturen på oppgåva

Etter den ovanfor presenterte innleiinga med tilhøyrande forskingsspørsmål for studien, kjem teorikapittelet. Dette består av to delar, der den fyrste delen vil handle danninga av dei to skriftspråka våre og normeringa av dei i eit historisk og ideologisk perspektiv, før eg deretter presenterer og drøftar ulike sosiolingvistiske teoriar knytt til språkbruk og språkveksling. Den andre delen presenterer tidlegare rettskrivingsstudiar. Deretter kjem metodekapittelet, der eg gjer greie for og grunngjev kva for materiale som ligg til grunn for studien og kva for metodar eg har nytta for å finne svar på forskingsspørsmåla i studien. I det påfølgjande hovudkapittelet for oppgåva presenterer og drøftar eg resultat og funn, sett i lys av det teoretiske rammeverket for studien. I det avsluttande kapittelet legg eg fram ei oppsummering og ein konklusjon av studien.

2. Teori og tidlegare forskning

Hovudprosjektet for denne masteroppgåva er å kartlegge normavvik i skuletekstar skrivne av elevar med høvesvis nynorsk og bokmål som hovudmål, og å undersøkje og i kva grad desse avvika fell saman med det andre skriftspråket og den lokale dialekten til dei unge skrivarane. I fyrste del av dette kapittelet vil eg difor gje eit kort riss av den norske tale- og skriftspråksituasjonen i eit historisk perspektiv, før eg i den andre delen gjev eit oversyn over tale- og skriftspråksituasjonen i dag. I den tredje delen tek føre meg den digitale skriftkulturen som har utvikla seg særleg på sosiale medium dei siste 10-20 åra. Her vil eg også presentere og drøfte ulike sosiolingvistiske teoriar knytt til språkbruk og språkveksling. Som Furseth & Everett (2020, s. 138) peiker på, må ei masteroppgåve kunne gje nye bidrag til det aktuelle forskingsfeltet, til dømes ved at ein fyl ut eller overprøver tidlegare forskning på feltet. Difor vil eg i den fjerde og siste delen av kapittelet også presentere resultat frå nokre tidlegare rettskrivingsstudiar som har hatt liknande siktemål som min studie.

2.1 Den norske tale- og skriftspråksituasjonen i eit historisk perspektiv

I 1814 vart Noreg lausrivne frå unionen med Danmark, og landet fekk si eiga grunnlov og gjekk inn i ein union med Sverige, noko som hadde mykje å seie for språkstyringa i landet den gongen. Språkstriden som gjekk føre seg gjennom det mest av 1800-talet var ein del av ein større strid i det norske samfunnet, fordi den var knytt i hop med den nye nasjonsbygginga som no vart mogleg når landet ikkje lenger var ein del av Danmark. 1814 blei altså starten på den norske språkstyringa, som førte til ein språkdebatt som for alvor tok til i 1830-åra (Torp & Vikør, 2016, s. 153). No vart det viktig for den nye staten Noreg å danne ein sterk nasjonal identitet, og ein vesentleg del av dette vart også å ha eit eige, norsk språk. Dermed vart ein fornorskingsprosess sett i gang, og dette gjekk føre seg over heile 1800-talet og opp mot 1900-talet, der fleire kjende menneske stod for dei ulike synspunkta i språkdebatten, mellom anna Welhaven, Wergeland, Munch, Asbjørnsen, Moe, Knudsen, Aasen og Vinje (Torp & Vikør, 2016, s. 200). Dei mest sentrale personane i språkdebatten var likevel Knud Knudsen (1812–1895) og Ivar Aasen (1813–1896), som stod for dei to ulike hovudretningane i språkstyringa frå unionstida og fram til Noreg vart ein tospråksstat (Torp & Vikør, 2016, s. 200). Medan Knudsen kjempa for fornorsking av det danske skriftspråket, er Ivar Aasen den personen som har hatt størst innverknad på språkstriden i Noreg. Med sitt systematiske språkvitskaplege arbeid med å forme eit nytt norsk skriftspråk basert på dialektane i landet, danna han ein heilt ny språkkultur. Landsmålet hans vart ein reell konkurrent for det danske språket, og fleire har argumentert for at det var dette som fekk fornorskinga av det danske språket til å skyte fart utover i siste kvartal av 1800-talet og første delen av 1900-talet (Torp & Vikør, 2016, s. 159).

Det grunnleggjande som skrift og tale har til felles, og som gjer at ein kan seie at skrifta faktisk er avleia av talen, er samsvaret mellom grafema og fonema, det vil seie det som gjer at vi kan overføre tekstar frå eitt medium til eit anna (Torp & Vikør, 2016, s. 120). Men sjølv om skrift og tale kan samsvare, er det likevel mykje som skil dei frå kvarandre, nemleg at dei ifølgje Torp & Vikør (2016, s. 120) «har kvar for seg ei lang rekkje eksklusive verkemiddel som gjer at ei *fullstendig* overføring mellom dei ikkje er mogleg». Med dette meiner dei at talen, i motsetnad til skrifta, har ei mengde funksjonar som bidreg til å gje språket ei djupare mening og gjere kommunikasjonen tydelegare, noko som fell bort når ein kommuniserer skriftleg. Dette gjeld mellom anna setningsmelodi, trykk, artikulasjon og gestikulasjon. Samstundes argumenterer Torp & Vikør (2016, s. 120) for at skrifta på si side har særskilde teikn, grafiske verkemiddel og ikkje minst rettskrivingskonvensjonar som manglar i talen. Det er fordi at det i nyare skriftspråk er slik at det finst eigne normer for rettskrivinga om kva som er tillate å skrive

og ikkje, medan dette ikkje gjeld for talemål i like stor grad eller i det heile. Rett nok finn ein i land som England, Tyskland og Frankrike standardiserte talemål som vert nytta i offentlege samanhengar, sjølv om det også i desse landa er det store regionale variasjonar i dialektar. I Noreg derimot, finst det ikkje inga offisiell normering av talemålet.

Torp & Vikør (2016, s. 119) hevdar at forholdet mellom skrift og tale står svært sentralt i norsk normeringshistorie. Aasen sjølv ynskte ikkje at avstanden mellom skrift og tale skulle vere for stor, men han ville likevel ha eit skriftspråk med ei klar og fast norm, og denne skulle byggje på systematiske samanhengar i dialektane (Torp & Vikør, 2016, s. 365). Allereie i 1879 vedtok Odelstinget at undervisningsspråket som skulle bli nytta i skulen skulle skje på «Børnenes eget Talemaal» (Torp & Vikør, 2016, s. 186), noko som var ein stor siger for framveksten av det nye norske språket. Den 12. mai 1885 kom jamstillingsvedtaket, der Stortinget vedtok å «sidestille «det norske Folkesprog» med «det almindelige Skrift- og Bogsprog», det som i dag er skriftspråka nynorsk og bokmål» (Vikør, 2024). Dette har hatt ekstremt mykje å seie for Noreg kulturelt, men òg historisk og ideologisk.

Sjølv om Aasen-normalen hadde autoritet blant fleire, slik som Bergensmålmennene, byrja det likevel ganske raskt å kome innvendingar mot Aasen-normalen. Fleire som tok i bruk landsmålet, ynskte å eksperimentere med ulike dialektgrunnlag, og mellomformer tok til å breie seg, og desse fylgde ikkje ei like etymologisk linje slik som Aasen-normalen gjorde (Torp & Vikør, 2016, s. 187). Denne striden var også ideologisk og politisk prega. Ein av dei som var forkjemparar for ei mindre etymologisk linje, var Olaus Fjørtoft (1847 – 1878) som meinte at det beste ville vere å byggje direkte på folkemålet slik det var, noko som også inkluderte bymål (Torp & Vikør, 2016, s. 365).

Ved hundreårsskiftet hadde tospråkstilstanden festna seg og sidan den gongen har begge målformene vore gjennom fleire normeringsprosessar: frå Aasen-normalen til slik vi kjenner den moderne nynorsken i dag, og frå dansk til dagens bokmål. Hægstad-normalen, som var ein revidert versjon av Aasen-normalen, blei sanksjonert som ny normal i 1901, medan det dansknorske språket blei til riksmål ved kongeleg resolusjon i 1907. Ei vesentleg reform er 1917-reforma, som innebar fleire endringar både for riksmål og landsmål. For riksmålet var dette hovudsakleg ein obligatorisk del som bygde vidare på den prosessen som hadde teke form i 1907, nemleg ei normering basert på det høgare talemålet i byane, og dette slo i stor grad gjennom også i praksis. Men òg ein valfri og meir radikal del, som innebar endringar både i ordformer og morfologi både for riksmål og landsmål (Torp & Vikør, 2016, s. 138). For riksmålet innebar dei valfrie endringane mellom anna *a*-former i fortid av verb og som

hokjønnsending, medan det for landsmålet innebar *e*-infinitiv som alternativ til *a*-infinitiv og monoftongformer som alternativ til diftongformer (Torp & Vikør, s. 138). Dei offisielle namna på målformene slik vi kjenner dei i dag, *nynorsk* og *bokmål*, blei vedteke av Stortinget i 1929. Fleire av dei valfrie endringane som vart etablert i 1917-reforma, vart gjort obligatoriske då ei ny rettskriving tredde i kraft i 1938, som førte til ulike utfall for dei to målformene. Torp & Vikør (2016, s. 138) skriv at «...nynorsken fekk ein meir allmenn-norsk utsjånad, mens bokmålet fekk eit svært avstikkande preg i forhold til det talemålsgrunnlaget det til da hadde basert seg på». *I*-formene i nynorsk (*bygdi*), som det hadde vore strid om skulle få bestå i åra før den nye reforma, skulle ikkje lenger brukast i lærebøker, sjølv om elevane likevel fekk halde fram med dei. No var det *a*-former i sterke hokjønnsord som vart hovudformer i nynorsken, og for bokmålet vart hokjønnsord med *a*-ending obligatorisk i fleire av dei hyppigaste orda (Torp & Vikør, s. 139). I 1952 fekk *Norsk språknemnd* i oppgåve å stå for normeringa av skriftspråka, ei oppgåve som tidlegare hadde lege til departementet. Den store valfridomen i målformene blei problematiske og difor måtte det ein strammare læreboknormal til (Torp & Vikør, s. 140). Læreboknormalen av 1959 baserte seg altså på rettskrivingsstrukturen av 1938-reforma, men sidan denne vart sett på som alt for vid, vart den nye læreboknormalen trongare når det gjaldt utvalet av tillatne sideformer både for bokmål og for nynorsk (Torp & Vikør, 2016, s. 270). *Norsk språknemnd* vart erstatta av *Norsk språkråd* i 1972, som igjen vart erstatta av *Språkrådet* i 2005, som vedtok ny normering for bokmål i 2005 og for nynorsk i 2012.

2.2 Den norske tale- skriftspråksituasjonen i dag

Det at norske elevar, uansett kvar dei bur i landet, skal ha opplæring i og meistre begge dei to offisielle skriftspråka (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 9), som også er ganske nærskyldige, er heilt unikt for Noreg, og det kan bli sett på som krevjande, av mange ulike grunnar. Uansett kva for skriftspråk ein nyttar, så er det slik at ein må halde seg til visse normer innanfor kvart av dei to skriftspråka, sjølv om både bokmål og nynorsk har stor grad av valfridom når det kjem til kva for former ein kan nytte innanfor rettskrivingsnormene. Valfridomen i rettskrivingane gjev skrifvarane høve til å uttrykkje lokal eller regional identitet ved at ein kan velje dei av dei sidestilte formene som ligg nærmast eins eigen måte å snakke på. I og med at ingen faktisk snakkar verken bokmål eller nynorsk, og at begge skriftspråka på sett og vis kan verke framande for somme som snakkar ein dialekt som i større eller mindre grad vert veldig ulik hovudmålet, kan denne store graden av valfridom vere ein positiv ting på det viset at den enkelte elev kan gjere hovudmålet sitt meir personleg prega. Somme likar at der finst meir moderne former og

nyttar desse fordi dei samsvarar med dialekten, medan andre tek eit bevisst val ved å ta i bruk dei meir konservative eller tradisjonelle formene for nynorsk, noko som kan vere gunstig med tanke på å kunne uttrykke identitet gjennom skriftspråket. Likevel er det ikkje slik at alle dialektnære former er tillatne, og dette kan vere problematisk for både bokmål- og nynorskelevar i dag, fordi dei rett og slett kan verte forvirra. Det å vite kva for former som er innanfor og utanfor rettskrivinga kan nok opplevast vanskeleg når der er så mange valfrie former i begge skriftspråka, samstundes som valfridomen på ingen måte er uavgrensa. Rett nok har ein dialekter som ligg tett opp mot det eine eller andre skriftspråket, men for veldig mange er det store skilnader mellom dialektale former som ungdomen brukar når dei snakkar og skriv på sosial medium og skriftspråksnormene.

Ein veit at ungdomar som bur i det nynorske kjerneområdet på Vestlandet ikkje berre snakkar ulike dialektar, men at dei i stor utstrekning også skriv dialektnært på sosiale medium (Helset, 2021, s. 12). Dialektbruk og dialektal skrivning er likevel ikkje unikt for nynorskungdom. Nord-Noreg er eit anna område av landet der det vert snakka dialekt, og der ungdomen skriv dialektnært når dei kommuniserer med kvarandre på sosiale medium (Vangsnes 2019, s. 106; Røyneland & Vangsnes, 2020, s. 366). Vangsnes (2019, s. 106) sin studie syner at graden det vert skrive på dialekt eller dialektnært i sosial medium, er større der avstanden mellom den lokale dialekten og standardskriftspråket også er størst. Dermed er det færre som skriv på dialekt på Austlandet enn på Vestlandet, i Trøndelag og i Nord-Noreg. Ein vesentleg skilnad mellom ungdomen i Nord-Noreg og ungdomen på Vestlandet er likevel at medan førstnemnde har majoritetsskriftspråket bokmål som hovudmål i skulen, har sistnemnde minoritetsskriftspråket nynorsk som hovudmål i skulen. Medan ungdomen i Nord-Noreg såleis møter hovudmålet sitt i så godt som alle samanhengar i storsamfunnet, møter ungdomen på Vestlandet hovudmålet sitt nesten berre på skulen og i lokalsamfunnet dei lever i. I nær sagt alle andre samanhengar møter dei derimot bokmål. Samla sett kan dette gjere det meir utfordrande for ungdomen på Vestlandet å skrive korrekt på hovudmålet sitt enn kva tilfellet er for ungdomen i Nord-Noreg.

I denne studien kartlegg eg ikkje berre normavvik i hovudmålstekstar skrivne i skulesamanheng, men også om avvika fell saman med det andre skriftspråket eller eigen dialekt. Ifølgje Mæhlum & Røyneland (2014, s. 14) er dialektologi ein type språkvitskap som tek føre seg ei geografisk utbreiing av ulike språktrekk. Seinare har dialektologien vorte erstatta av den disiplinen som står for mesteparten av all forskning på talemål i Noreg, nemleg sosiolingvistikken. Sosiolingvistikken som disiplin har som føremål å forklare korleis språket

varierer. Dette kan vere både mellom ei gruppe og eit individ, eller hjå eitt og same individ (Mæhlum & Røyneland, 2014, s. 18). Å snakke ein dialekt er som nemnt ein måte å uttrykkje seg på som viser lokal tilhøyrse. Difor blir dialekt gjerne ein viktig identitetsmarkør for mange i Noreg. Mæhlum & Røyneland (2014, s. 26) hevdar at den største variasjonen i språkbruken er å finne mellom ulike geografiske område, men at det også kan finnast variasjon mellom ulike grupper innanfor det same geografiske området, slik som til dømes mellom ulike yrkesgrupper eller aldersgrupper. Desse vert kalla sosiolektar. Sidan eg analyserer skuletekstar frå ei klasse på ein skule på Vestlandet og frå ei klasse på ein skule i Nord-Noreg, finn eg det føremålstenleg å her gjere kort greie for nokre generelle trekk ved talemålet i dei områda desse skulane ligg i, før eg i resultatkapittelet kjem nærmare attende til korleis ungdomane på dei to stadene faktisk snakkar i dag.

Talemålet til elevgruppa frå skulen på Vestlandet høyrer til under sørvestlandsk og vil difor ha *a*-infinitiv (å *vera*, å *gjera*) og *a*-ending i svake hokjønnsord (ei *kvinna*, ei *jenta*) samt *eg* og *me* som pronomenformer. I tillegg finn ein delt hokjønnsbøying, også kalla kløyving, i dette talemålet (*bygdæ/e – jento*) (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 97). Fleirtalspronomen i 2. person er forma *de:kan*, medan fleirtalspronomen i 3. person varierer mellom *dei*, *de:* og *di:* i det aktuelle området.

Elevane på skulen i Nord-Noreg kjem frå eit område der det vert snakka ein nordlandsk dialekt. Det som i størst grad kjenneteiknar dette området er bruken av apokope i infinitiv (*å kåmm*, *å væ:r*, *å kast*), men det kan òg oppstå i andre grammatiske kategoriar som til dømes svake hokjønnsord og i presens og preteritum av svake *e*-verb (Mæhlum & Røyneland, s. 106107), men på den nøyaktige aktuelle staden gjeld dette ikkje i like stor grad for elevane i studien min. I fylgje Hansen (1996, s. 132) har dialekten deira *e*-mål og *e*-presens, men i motsetnad til dei andre dialektane i dette området finn ein mindre bruk av apokope akkurat her. Dermed endar verb i infinitiv ofte på *-e*, sjølv om apokope kan førekome. Mæhlum & Røyneland (2012, s. 113) hevdar at bruken av apokope i dette området held seg stabil, særleg i verbkategoriane infinitiv, presens, preteritum og supinum, men at apokopen held på å falle bort i andre kategoriar der den tidlegare har stått sterkt (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 113), noko den i større grad allereie har gjort på staden elevane høyrer til. Dei personlege pronomena er *æ*, *dæ*, *demm*, *dåkker*, og sjølv om det i presens er overvekt av *e*-ending, så kan det oppstå *a*-presens også (*jåbba*, *husska*) (Hansen, 1996).

2.3 Digital skriving på sosiale medium

Som eg allereie har nemnt, skriv ungdomar både frå Vestlandet og frå Nord-Noreg dialektnært når dei kommuniserer på sosiale medium. At sosiolingvistisk forskning også kan omhandle skriving, er kanskje eit nyare syn, men fleire forskarar argumenterer for eit slikt syn, mellom anna Sebba (2007), Blommaert (2013) og ikkje minst Coulmas (2013) & Lillis (2013). Hårstad (2023, s. 191) nemner at vi no går i ei retning av ein skriftsosiolingvistikk (jf. t.d. Meletis & Dürscheid, 2022, s. 194–196), og fleire av desse forskarane meiner at både tradisjonell skriving og uformell, daglegdags skriving også er ein viktig del av sosiolingvistisk forskning. Størsteparten av all kommunikasjon, i alle fall skriftleg, som går føre seg i dag, går føre seg digitalt. Difor er det også naturleg at ein går vekk i frå den tanken at det berre er talemål som ligg til grunne for vitskapleg forskning innan sosiolingvistikk (jf. Lillis, 2013, s. 6). Digital skriving har blitt ein enormt stor del av kvardagen vår, og den teknologiske utviklinga har på ulike måtar revolusjonert tilhøvet mellom språk og tekst. Brandt (2015) hevdar at «Den raske teknologiske utviklinga kan dermed sies å ha ført med seg en literacyrevolusjon rett og slett fordi vår omgang med språk og tekst i dag er bortimot utenkelig uten innslag av digital teknologi». Om revolusjon er rette ordet å bruke, er det usemje om blant andre forskarar, men ein ser likevel klare tendensar til at denne massive digitaliseringa av samfunnet hatt stor innverknad på tilhøvet mellom skrift- og tekstkulturen (Hårstad, 2021). Hårstad (2023, s. 201) hevdar at det nettopp er tilhøvet mellom skrift og tale som gjev det eit sosiolingvistisk potensial, særleg grunna «munnlegheita» og «skriftlegheita» som idealtypar og dynamikken mellom desse.

Hårstad (2021) hevdar at ein i mykje større grad ser endringar på eit tekst- og språkideologisk plan enn på det språkstrukturelle i språksamfunn der digitale medium har vore utbreidd i fleire tiår. Hårstad forklarar fenomenet *normpluralisme* som går ut på at det har oppstått ei endring i dynamikken mellom det skriftlege og det munnlege på eit meir generelt plan, noko som har skapt meir mangfald av skriftlege praksisformer. Det munnlege domenet har hatt eit særpreg ved å ha ei større stilistisk breidde enn det skriftlege domenet. Det som har skjedd i og med den kraftige auken i skrivinga på sosiale medium, er at skriftdomenet har utvida repertoaret sitt på den måten at det har blitt meir likt det munnlege domenet (Hårstad, 2021). Den digitale verda vert på nokre måtar sett på som ei anna verd der «alt er lov» og både skriftlege og sosiale normer blir brotne (jf. Dürscheid, 2015; Mortensen & Stæhr, 2018), og at aktivitetane som går føre seg på sosiale medium kan gå utover gjeldande språknormer (jf. Baron, 2008; Blommaert & Velghe, 2014; Thurlow, 2006).

Eit døme på *normpluralisme* er nemleg denne digitale skrivinga som går føre seg på dialekt, som ungdom i stor utstrekning praktiserer på sosiale medium, der dei utfører ein skriftpraksis som viker frå hovudmålet sitt i skulesamanheng, ved at å heller nytte former som reflekterer korleis dei faktisk snakkar (Vangsnes, 2019, s. 106; Helset & Brunstad, 2020, s. 107). Ei masteroppgåve av Strand (2018, s. 43) tek føre seg språkbruk på chatteappen Messenger, og resultatane syner at ungdom opplever at det nærmast er forventna at jamaldringar skal skrive på dialekt når dei kommuniserer på sosiale medium. Ikkje berre ligg der ei opplevd forventning om å skrive på dialekt, men denne dialektale skrivinga ber også med seg visse reglar for kva som er rett og gale. Det er altså ikkje berre på nynorsk eller bokmål at ein har normer for skrivinga, det viser seg også å gjelde i stor grad når ungdomar skriv dialektalt på sosiale medium (Hårstad, 2021). Men normene for skriving på desse flatene er av ein heilt annan karakter enn dei skriftspråklege normene, samstundes som dei bryt med sistnemnde. Vi skal også vere merksame på at normene for dialektnær skriving på sosiale medium ikkje nødvendigvis samsvarar nøyaktig med måten ungdomen *snakkar*. Samla sett er det ikkje usannsynleg at det at mange ungdomar i dag produserer store mengder dialektnær tekst på sosiale medium, vil kunne auke innslaget av dialektale former som ligg utanfor rettskrivinga når dei skal skrive normert nynorsk eller bokmål (jf. Helset, 2021; Helset & Brunstad, 2020).

Fleire studiar har funne ut at elevar som høyrer til i det nynorske kjerneområdet, i mykje større grad driv med det ein kallar for skriftspråkleg veksling i sosiale medium enn bokmålelevar (Fiskerstrand, 2017; Hernes, 2012; Juuhl, 2014; Myklebust, 2015). Dette inneber at dei vekslar mellom nynorsk, bokmål og dialektnær skriving. I motsetnad til bokmålsbrukarane er altså nynorskbrukarane i ein posisjon der dei har ein endå større grad av fridom når det kjem til skriftkulturell kommunikasjon. Denne skriftspråklege vekslinga gjer at nynorskungdom kan verte sett på som fleirskriftlege (jf. Brunstad, 2018; Vangsnes, Söderlund & Blekesaune, 2017).

Ein studie av Helset & Brunstad (2020) syner at elevar som har nynorsk som hovudmål, er medvitne om at ulike skrivesituasjonar krev ulike språklege normer og at dei tilpassar måten dei skriv på avhengig av situasjonen, kven som er mottakar og på kva for sosialt medium det vert skrive (Helset & Brunstad, 2020, s. 108). Dette kan koplant til Giles & Smith (1979) sin akkomodasjonsteori eller tilpassingsteori, som ser på korleis individ tilpassar seg andre menneske gjennom språket. Dei hevdar at menneske driv med veksling av talemålsvarietetar, anten ved å tilpasse seg (konvergere) eller å ta meir avstand til samtalepartnaren (divergere), (Helset & Brunstad, 2020, s. 98). Mellom anna finn ein i studien gjort av Helset & Brunstad

(2020, s. 107) at nynorskprosenten er ganske låg (21%), medan dialektprosenten er veldig høg (83%) blant nynorskelevar i ungdomsskulen når dei chattar med vener på fritida på ulike sosiale medium. Det interessante her er at desse prosentane endrar seg i stor grad når den får ny mottakar. Til dømes ser ein i den same studien at nynorskprosenten aukar i ei viss grad (38%), medan dialektprosenten går litt ned (66%) når dei same elevane skal skrive melding til foreldra sine. Heilt til slutt har elevane også fått spørsmål om kva for språkbruk dei har når dei skal sende melding til besteforeldre. Då rapporterer elevane ein mykje større nynorskbruk (54%), og dialektprosenten har gått endå meir ned (40%).

Sjølv om studiar har vist at nynorskungdomen er medvitne om at ulike skrivesituasjonar krev ulike språklege normer, så er ikkje dette einstyddande med at dei klarer å skilje ut dialektale former og bokmålsformer som dei gjerne brukar når dei skriv på sosiale medium, når dei skal skrive korrekt på hovudmålet sitt. For tidlegare studiar har kartlagt at elevar med nynorsk som hovudmål har like mykje avvik som er samanfallande med dialekt som med bokmål (Helset, 2021). Som nemnt, blir nynorskbrukarar eksponert for massiv bokmål på nasjonal basis. Dette kan nok vere med på å forklare påverknaden frå bokmål når dei skal skrive korrekt nynorsk. Då er det kanskje ikkje så unaturleg å tenkje at dei også kan verte påverka av store mengder skriven tekst på fritida. Ein veit at elevar med nynorsk som hovudmål oppheld seg timevis på sosiale medium, der dei i hovudsak skriv på dialekt eller dialektnært, i motsetnad til å skrive tekstar på nynorsk i skulen. Det som også er spesielt med dette, er at denne typen kommunikasjon, denne chattinga dei driv med, kan koplust til munnleg kommunikasjon (Helset & Brunstad, 2020, s. 99). Dermed kan ein sjå forskinga i lys av andre tradisjonelle teoriar innan sosiolingvistisk forskning som i hovudsak har teke føre seg variasjonsfenomen i talemål, sjølv om det her i aller størst grad blir forska på korleis elevane skriv i ulike situasjonar.

Det er nemleg ikkje berre slik at nynorskungdom lever i ein unik språkleg kontekst både munnleg og skriftleg, som naturlegvis kan prege kor godt dei meistrar hovudmålet sitt. Noko som også kan forklare kvifor situasjonen er annleis for dei, er at dei også er i ein meir sårbar posisjon i samfunnet som nettopp nynorskbrukarar. Tidleg internasjonal sosiolingvistisk forskning, mellom anna av Bourdieu (1991), hevdar at fleirtalsspråket, altså det som vert snakka eller skrive av flest menneske, også får status som maktspråket i samfunnet. Dersom ein koplar dette til den norske tale- og skriftsspråksituasjonen, så veit vi at det er bokmål er hovudmålet til majoriteten av Noregs befolkning. Språket får ei automatisk tyngd rett og slett fordi det er skriftspråket til flest menneske. Difor vert det også brukt mest på nasjonal basis. Slik får skriftspråket meir makt og det vert det språket ein oppfattar som mest rett. Kanskje også nettopp

fordi der finst mange dialekter som ligg tett opp mot bokmål. Ser ein det i lys av Bourdieu sin teori, så vinn bokmålet fram, og fordi nynorskbrukarane er i mindretal, aksepterer dei at det blir slik (Helset & Brunstad, 2020, s. 98). Dermed er nynorskbrukarane i ein dårlegare språkleg posisjon enn bokmålsbrukarane er, og dette gjer ein meir sårbar på ulike vis. Strid om språket har gått føre seg i lang tid i Noreg, og debatten om dei to skriftspråka og normeringa av dei går i høgste grad føre seg den dag i dag. I dag er nynorsk kjend som det mest stigmatiserte faget i norsk historie, og somme politiske parti fører stadig kampanjar mot nynorsken. Desse negative haldningane mot nynorsk, særleg som sidemål i skulen, gjeld nok truleg i størst grad folk som bur utanfor kjerneområdet for nynorsk, men sidan fleirtalet av Noregs befolkning gjer nettopp det, så er nynorsken under eit mykje større press enn bokmålet.

2.4 Tidlegare rettskrivingsstudiar

Tidlegare studiar som tek føre seg avvik frå rettskrivingsnorma, har vist at nynorskelevar har fleire avvik enn bokmåselevar (Matre et al. 2011; Skjelten, 2013; Bjørhusdal & Juuhl, 2017). Fleire av studiane som tek føre seg avvik i skuletekstar skrivne av elevar som har nynorsk som hovudmål, konkluderer med at ein stor del av avvika er samanfallande med bokmål, utan å undersøkje samanfall med dialekt (Matre et al. 2011; Skjelten, 2013; Bjørhusdal & Juuhl, 2017; Støfring, 2019). Andre studiar skil mellom avvik frå nynorskrettskrivinga som fell saman med bokmål og avvik som fell saman med den lokale dialekten (Røhme, 2020; Helset, 2021; Hellevang & Helset, 2022). Helset (2021) syner mellom anna at ein finn like mykje avvik samanfallande med dialekt som avvik samanfallande med bokmål hjå ungdomar som høyrer til i det ein kallar det nynorske kjerneområdet. Samstundes syner ein studie av Gunnerud (2016) ein kraftig nedgang i elevar som har nynorsk som hovudmål i det dei er ferdige med grunnskulen og byrjar på vidaregåande skule. Funna i studien viser at 12,2% av elevane hadde nynorsk som hovudmål i 2015-2016, men at dette halverte seg til 6,1% då elevane byrja på vidaregåande same året. Wold (2019, s. 82) hevdar at den sjølvrapporterte årsaka til at elevar skiftar hovudmål er i hovudsak manglande normkompetanse i nynorsk.

3. Metode og materiale

3.1 Val av metode

Forskingsmetodar fungerer som eit verktøy for problemløysing og for å skaffe ny kunnskap (Furseth & Everett, 2020, s. 137). Avhengig av kva som er studieobjektet, nyttar ein

hovudsakleg éin av to ulike metodar: den *kvantitative* eller den *kvalitative*, eller eventuelt ein kombinasjon av desse. Det som skil desse metodane frå kvarandre, er at den *kvantitative* typisk undersøker eit fenomen mellom eit større utval informantar, medan den *kvalitative* typisk undersøker eit fenomen ved å gå i djupna hjå eit mindre utval informantar. Kvantitativ forskning vil difor vere det beste alternativet dersom ein forskar på ei større gruppe menneske, medan kvalitativ forskning er best eigna når ein forskar på ei mindre gruppe eller på individnivå. Typisk for kvantitative metodar er at ein hentar inn så store mengder informasjon og talmateriale at ein kan føre statistikkar som igjen kan legge grunnlaget for å trekke meir eller mindre generelle slutningar (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 165). Slik får ein ei større oversikt med ei forklaring, medan det i den kvalitative forskinga fyrst og fremst handlar om å få innsikt og forståing (Tjora, 2013, s. 22). I mange tilfelle vil det vere slik at verken kvantitative eller kvalitative data gjev fullstendig klare og objektive svar, og i somme høve vil ord kunne gje betre svar på fenomen og åtferd enn det tal kan gje, medan det andre gongar vil vere omvendt (Furseth & Everett, 2020, s. 101). Furseth & Everett (2020, s. 137) forklarar at det aller viktigaste spørsmålet ved val av metodar er at ein nyttar den metoden som best mogleg kan gje svar på problemstillingane ein har føre seg. Forskingsspørsmåla for denne oppgåva er altså fylgjande:

1. *Kor mange avvik per hundre ord finn ein i elevtekstane frå Vestlandet samanlikna med elevtekstane frå Nord-Noreg, og kva for typar avvik dominerer i kvar av dei to gruppene og samla?*
2. *Kva for likskapar og ulikskapar i skrivemønster og skrivedugleik finn vi mellom nynorskelevane på Vestlandet og bokmåselevane i Nord-Noreg, og kva kan forklare desse likskapane og skilnadene?*

Av berrsynte årsaker vil ei kvantitativ tilnærming vere den best eigna metoden for å finne svar på det første forskingsspørsmålet, noko eg vil forklare og grunngje nedanfor. For å finne svar på det andre forskingsspørsmålet har eg nytta ein kombinasjon av kvalitative og kvantitative tilnærmingar, noko eg også vil forklare og grunngje nedanfor. Sidan eg på denne måten i hovudsak har nytta kvantitative metodar, vil eg i det fylgjande gjere grundigare greie for kjenneteikn ved slike metodar. Ifylgje Postholm & Jacobsen (2018, s. 89) er prinsippet med kvantitative metodar at tal kan formidle informasjon om sosiale fenomen. Ein gjer sosiale fenomen om til målbare data som vidare kan førast i statistiske analysar (Postholm & Jacobsen,

2018, s. 89). Når ein nyttar ei kvantitativ tilnærming, er datainnsamlinga både meir lukka, men også meir fokusert, og slik får ein tilgang til store mengder informasjon, samt at ein kan undersøkje fleire einingar (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 165). Sidan kvantitative studiar fyrst og fremst tek føre seg tal, er gjerne søkjelyset retta inn mot «kor mykje» eller «kor mange» ein finn av eit visst element (Raising, 2018, s. 119). Dermed fokuserer ein på frekvens, anten det gjeld hyppigheit av menneskeleg åtferd eller studiar av sosiale system som tek føre seg reine kvantitative storleikar (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 100). Det ein oppnår ved bruk av kvantitative metodar, er at ein kan generalisere den informasjonen ein har samla og som nemnt, føre den i statistikk, og på denne måten får ein det Postholm & Jacobsen (2018, s. 165) kallar eit representativt bilete av korleis ei større gruppe, til dømes ein populasjon, meiner eller tenkjer om ting. I kvantitative studiar framset ein dessutan gjerne hypotesar, som ein anten forsøkjer å stadfeste eller avkrefte gjennom det datamaterialet ein har analysert statistisk. På grunnlag av dette kan ein vidare trekkje konklusjonar.

3.2 Innsamling av datamateriale

Alt datamateriale som er nytta i denne masteroppgåva, er henta frå forskingsprosjektet «MultiLit», som er ei forkorting for *Multilektal skrivekunne i opplæringa*, og som er leia frå Høgskulen på Vestlandet.¹ Nedanfor skildrar og grunngjev eg først utvalet av informantar (3.2.1) i denne oppgåva. Deretter skildrar eg korleis MultiLit-prosjektet har samla inn data via spørjeskjema (3.2.2), lydopptak av gruppesamtalar (3.2.3) og donasjon av fritidstekstar (3.2.4) og av skuletekstar (3.2.5), og kva for metodar eg har nytta for å analysere desse dataa for det utvalet av informantar som ligg til grunn for denne oppgåva.

3.2.1 Utval av informantar

I MultiLit-prosjektet er det vesentleg at den same typen data blir samla inn på tre ulike stadar i landet, der elevane dei ulike stadane lever i ulike språklege kontekstar. Dermed vart det samla inn data frå ein skule på Vestlandet, ein skule i Nord-Noreg og ein skule på Austlandet. Ved alle skulane blei det samla inn ei rekkje ulike typar språklege data på heile trinn, med mange parallellklasser. Det vil naturlegvis sprengje rammene for denne oppgåva å skulle ta sikte på analysere datamateriale frå alle desse skuleklassene. Samstundes har det vore viktig for meg å samanlikne språkleg materiale frå elevar som lever i ulike kontekstar, for slik å kunne seie noko

¹ MultiLit er eit finansiert av forskingsrådet og leia frå Høgskulen på Vestlandet: <https://www.hvl.no/multilit>.

om i kva grad dei ulike språklege vilkåra dei lever i, spelar inn på skrivekunna deira. Derfor har eg undersøkt datamateriale frå éi tilfeldig vald 9.-klasse frå kvar av dei to skulane på høvesvis Vestlandet og i Nord-Noreg. Likevel er det slik at ikkje alle elevane frå desse to ulike 9.klassene var med på alle dei ulike datainnsamlingane, og difor er talet på informantar litt varierende avhengig av kva for materiale eg tek føre meg. Hovudmaterialet mitt består av til saman 39 hovudmålstekstar: 21 nynorsktekstar frå klassa på Vestlandet, skrivne av tretten gutar og åtte jenter, og 18 bokmålstekstar frå klassa i Nord-Noreg, skrivne av åtte gutar og ti jenter. Det blir gjort nærmare greie for desse i kapittel 3.2.5 nedanfor, men først skal vi sjå nærmare på andre typar data som eg samla inn frå dei same elevane.

3.2.2 Spørjeskjema

Føremålet med denne masteroppgåva er som nemnt å kartlegge likskapar og skilnadar mellom to ulike elevgrupper når det kjem til skriving av skuletekstar og fritidstekstar, for slik å kunne seie noko om gunstige og mindre gunstige vilkår for skrivekunne. Men for å kunne kartlegge og analysere dette på best mogleg måte, er det også viktig å vite korleis elevane sjølve opplever og rapporterer eigen språkbakgrunn og språkbruk i ulike samanhengar. Difor har eg henta ut svara som dei to elevgruppene gav på eit spørjeskjema då dei var deltakarar i MultiLit-prosjektet, og analysert desse. Postholm & Jacobssen (2018, s. 166) hevdar at det innan kvantitativ forskning særleg finst éin type spørjeskjema som dominerer når ein skal samle inn data, nemleg spørjeskjema med lukka svaralternativ. Det vil seie at personen som svarar på skjemaet ikkje har moglegheit til å greie ut noko særleg sjølv, men må krysse av på allereie gitte svarkategoriar som forskaren har bestemt på førehand (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 166). Dei aller fleste av spørsmåla i spørjeskjemaet som blei nytta i MuliLit-prosjektet, var av denne typen.

I spørjeskjemaet blei elevane først bedne om å svare på spørsmål om sosiale bakgrunnsvariablar som kan vere relevante for språkbruk og språkkompetanse, slik som kjønn, fødestad og morsmål. Deretter fekk dei fleire spørsmål knytt til språkbruk, med fokus på korleis dei nyttar tale- og skriftsspråk i ulike situasjonar, i ulike medium og til ulike personar. Elevane blei også bedne om å vurdere eigen språkkompetanse og eventuelle vanskar dei måtte ha i møte med nynorsk, bokmål og engelsk. Svarkategoriane her var ein skala med gradane «Verken trygg eller utrygg», «Ja, ganske trygg» og «Ja, svært trygg» når det kjem til å skrive korrekt nynorsk, bokmål eller engelsk. Avslutningsvis blei dei spurde om kva dei sjølve synest er vanskelegast når dei skal skrive korrekt på hovudmålet sitt. Her var svarkategoriane «Veit ikkje», «Å skilje nynorsk frå dialekt/at eg blandar inn ord og former frå dialekten min» og «Å skilje nynorsk frå

bokmål/at eg blandar inn ord og former frå bokmål». Studiar av den eigenrapporterte språkbruken og språkkompetansen til elevane kan gje viktig bakgrunnsinformasjon om den faktiske språkbruken og språkkompetansen som eg kartlegg i denne studien. Derfor presenterer eg svara på dei av spørsmåla frå spørjeskjemaet som er relevante for forskingsspørsmåla i oppgåva, i starten av resultatkapittelet. Av dei 21 elevane frå skulen på Vestlandet som eg har samla inn skuletekstar frå, var det 17 som hadde svart på spørjeskjemaet, medan alle dei 18 elevane frå skulen i Nord-Noreg som eg har samla inn skuletekstar frå, hadde svart på spørjeskjemaet.

3.2.3 Gruppesamtalar

I MultLit-prosjektet blei det også gjort lydopptak av gruppesamtalar med eit utval av elevane som tok del i prosjektet, både på Vestlandet og i Nord-Noreg. Gruppesamtalane gjekk føre seg på den måten at nokre av elevane i dei ulike klassene vart tekne ut av klasserommet og plasserte på eit mindre grupperom, for å så føre ein samtale med kvarandre og intervjuaren, som også leia samtalen. Desse samtalane vart i fyrste omgang grovtranskriberte og etter kvart fintranskriberte.

Lydopptaka av gruppesamtalane elevane imellom er sjølvstendig viktig for å kartlegge dialektane som ungdomane bruker på dei to stadene, noko som igjen har vore viktig når eg har kartlagt dialektale innslag som avvik frå den offisielle skriftspråksnorma i skuletekstane. Når eg har analysert lydopptaka, har eg nytta ei kvalitativ tilnærming, det vil seie at eg har lytta til lydopptaka og nærlese transkripsjonane av desse for å kartlegge typiske dialektale trekk. Vesentleg for kvalitative metodar er at denne typen forskning skaffar informasjon om røynda gjennom studiar av faktisk språkbruk, i dette tilfellet munnleg tale, som vidare vert presentert gjennom skriftlege tekstar, anten det er ordrett transkribering av intervjuobjektet, eller nedskrivne observasjonar gjort av intervjuaren sjølv på staden (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 89).

Det faktumet at det ikkje var alle elevane som blei tekne ut for å delta i gruppesamtalar, men derimot eit lite utval av dei, er som nemnt typisk for kvalitativ forskning då den gjerne tek føre seg eit avgrensa tal av informantar. Gruppesamtalen som eg har analysert frå skulen på Vestlandet bestod av fire deltakarar frå den same klassen som eg har analysert skuletekstane til; to gutar og to jenter. Frå skulen i Nord-Noreg var det tre deltakarar som deltok i gruppesamtalen; éin gut og to jenter, frå den same klassen som eg har analysert skuletekstane til.

3.2.4 Fritidstekstar

I tillegg til å vere med i gruppesamtalar, har også ein god del elevar donert fritidstekstar til MultiLit-prosjektet. Fritidstekstar er meldingar elevane har skrive i privat samanheng til andre vener på same trinn på ulike chatteappar som t.d. Snapchat, iMessage, Messenger og liknande. Tidlegare forskning har vist at det ikkje er uproblematisk å hente inn denne typen tekstdata, særleg dersom det skjer i form av at deltakaren sjølv har ansvar for å få sendt det til forskaren, anten det er snakk om eksporterte tekstfiler (Androutsopoulos & Busch, 2021; Busch, 2020) eller meldingar sendt frå chatteappar direkte til forskarane (Folkvord, 2020; Strand, 2018). Derfor utvikla nokre av forskarane i MultiLit-prosjektet ein gjennomtenkt og grundig prosedyre for fritidstekstinnsamlinga som er skildra i Lunde & Røyneland (2023), og nedanfor gjer eg greie for hovudtrekka i prosedyren, som eg sjølv fekk høve til å gjennomføre som medforskar då MultiLit-prosjektet hadde trinnovertaking og samla inn datamateriale ved ein ungdomsskule på Austlandet hausten 2023.²

Før ein starta innsamlinga blei elevane spurde om dei kunne tenkje seg å donere private meldingar MultiLit-prosjektet, og det blei også innhenta samtykke frå føresette til dei elevane som melde seg frivillig, sidan elevane var under 16 år. Sjølve innsamlinga skjedde ved at éin og éin elev vart henta ut av klasserommet og møtte meg eller andre forskarar ein skjerma stad på skulen der vi kunne snakke privat. Vidare gjekk forskaren gjennom nokre moment i arbeidsheftet (jf. Lunde & Røyneland, s. 11-13), slik at eleven mellom anna skulle kjenne seg trygg på retningslinjene for innsamlinga og bli minna på at hen når som helst kunne trekke seg. Sjølv om elevane på førehand hadde svart «ja» til deltaking, viste det seg at somme faktisk ombestemte seg når dei kom til sjølve gjennomføringa av fritidstekstinnsamlinga. Dersom eleven likevel ville dele, fekk hen setje seg til å leite litt i mobiltelefonen sin etter meldingar som hen kunne tenkje seg å dele. Når ein utfører det slik, oppnår ein kanskje større tillit og dedikasjon frå deltakaren enn om ein t.d. hadde samla inn fritidstekstane ved hjelp av digital innsending. Under fritidstekstinnsamlinga var eleven sjølv til ein viss grad deltakande på den måten at han både fekk ta aktivt del i, men også observere kva vi som forskarar gjorde under innsamlinga. Heile vegen fortalde eg eleven kva eg gjorde, steg for steg, medan hen fekk fylgje med. Etter at eleven hadde leita etter ulike meldingar frå ulike sosiale chatteappar og funne dei hen kunne tenkje seg å dele, var neste steg å la eleven bruke ein HVL-drifta iPad til å sjølv ta

² Grunnen til at eg i denne oppgåva legg til grunn datamateriale frå skulane på Vestlandet og i Nord-Noreg, og ikkje materialet som eg sjølv var med på å samle inn ved skulen på Austlandet, er at sistnemnde materiale førebels ikkje er ferdig transkribert og kvalitetssjekka.

eit bilete av meldingane han ynskte å dele. Deltakarane kunne få dele så mange meldingar dei ville, og dei fleste donerte minst to bidrag. Deretter fekk eleven observere at eg flytta bileta hen hadde teke av meldingane til ei mappe med ein unik kode³ på i ein passordbeskytta HVL-server i OneDrive, etterfylgt av at dei same bileta blei sletta frå biletbiblioteket på iPaden. Til slutt måtte eg høyre med deltakaren min kven hen hadde chatta med, og kva klasse denne eleven gjekk i. Deretter måtte vi forskarane innhente tredjepartgodkjenning frå dei andre deltakande i meldingane vi hadde samla inn. Dette gjekk ut på å finne dei elevane dette gjaldt, vise dei tekstmeldingane som hadde blitt delte der dei sjølve var deltakande, og få godkjenning av desse elevane også. Berre med tredjepartgodkjenning kunne fritidstekstane nyttast vidare i forskinga.

På denne måten fekk MultiLit-prosjektet samla inn etter måten store mengder med autentiske tekstar som viser korleis ungdomane på dei to stadene på Vestlandet og i Nord-Noreg faktisk skriv når dei chattar med kvarandre på sosiale medium. Dermed unngjekk ein faren for det Labov (1972) kallar «observatørens paradoks», som dreiar seg om at deltakarane kan endre språkbruken sin om ein veit at ein vert observert (Lunde & Røyneland, 2023, s. 2). Dersom vi derimot hadde bede elevane om å skrive nye meldingar under sjølve prosjektet, hadde det vore fare for at dei tilpassa språkbruken sin til det faktumet at dei visste at vi skulle bruke donasjonane til språkforsking.

Fritidstekstane som eg har analysert frå skulen på Vestlandet, er i all hovudsak henta frå chattar mellom elevar frå den same klassa som eg analyserte skuletekstane til. Det same gjeld for fritidstekstane som eg har analysert frå Nord-Noreg. På denne måten har eg kunna kartlegge dei 20 mest høgfrequente dialektorda i fritidstekstane som er utanfor nynorskrettskrivinga, som eg i neste omgang har kartlagt førekomstar av i skuletekstane skrivne av dei same elevane. Dette gjer det òg mogleg å seinare omtale enkeltelevar i resultatdelen av oppgåva mi. Då kan eg til dømes nemne at ein ser i fritidstekstkorpuset at elev 203 skriv slik og slik, noko ein også finn att i skuleteksten hans.

3.2.5 Skuletekstane

Det overordna studieobjektet for denne oppgåva er rettskrivinga i eit utval skuletekstar. Hovuddelen av studien er nemleg ei jamføring av frekvens og typar avvik i skuletekstane til kvar av dei to 9.-klassene på Vestlandet og i Nord-Noreg. Begge klassene er tilfeldig utvalde og

³ Grunna personvernomsyn fekk alle elevar som tok del i MultiLit-prosjektet utdelt ein unik tresifra kode før vi starta datainnsamlinga. Kodane er forma slik at alle gutar har kodar som endar på eit oddetal, medan alle jenter har kodar som endar på eit partal. Det er berre forskarane knytt til prosjektet som har tilgang til kodenøkkelen som koplar kode og namn.

var allereie ferdig anonymiserte og koda då eg fekk dei tilsendt. På begge skulane blei tekstane skrivne som fem-timars heildagsprøver på skulen. Tekstane blei skrivne i Word, og elevane hadde såleis tilgang til rettskrivingsverktøyet i dette programmet, og dessutan alle andre hjelpemiddel, slik som til dømes ordbøker. Derimot hadde elevane ikkje høve til å kommunisere med andre, verken fysisk eller på nettet.

Tekstane varierer litt i lengde, men eg har lese og analysert kvar enkelt tekst manuelt og arbeida grundig med dei, noko som var ein omfattande og tidkrevjande prosess. Eg har teke utgangspunkt i gjeldande rettskriving for nynorsk og bokmål, og eg har brukt nettversjonen av den offisielle nynorskordboka og den offisielle bokmålsordboka undervegs i kartlegginga (<https://ordbokene.no/>). Då både nynorsk og bokmål har svært stor grad av valfridom når det kjem til korleis ord vert skrive, var det nyttig å ha eit slik verktøy tilgjengeleg.

Elevane frå skulen på Vestlandet skulle skrive tre oppgåver på hovudmålet sitt, som for dei aller fleste elvane sitt vedkomande er nynorsk. I den fyrste oppgåva skulle dei vise at dei kunne lese og forstå ein tekst, medan dei i dei to andre oppgåvene skulle skrive eigne tekstar. Som nemnt var fyrste oppgåva ei kortsvarsoppgåve der hovudføremålet var å undersøke tekstforståing, og naturlegvis skrivekompetanse. Her måtte dei lese eit utdrag frå ei novelle og deretter svare på tre spørsmål om innhaldet i utdraget, og kvart svar skulle ikkje vere på meir enn nokre setningar. Andre oppgåva var også ei kortsvarsoppgåve der elevane skulle skrive ein tekst med utgangspunkt i ei oppgåveformulering. Her skulle elevane også lese ein kort tekst og deretter svare på dei tre spørsmåla som var knytt til teksten. Denne oppgåva skulle ha eit omfang på 300-400 ord. Den siste delen av heildagsprøva gjekk ut på å skrive ei langsvarsoppgåve på 600-800 ord. Her skulle elevane skrive med utgangspunkt i eit tekstvedlegg, og elevane fekk velje éi av fire alternative oppgåver.

For elevane på skulen i Nord-Noreg bestod heildagsprøva også av tre ulike oppgåver, der dei to første skulle skrivast på hovudmål, som for alle elevar ved denne skulen er bokmål. I den tredje oppgåva skulle elevane skrive om lag 100-150 ord på sidemålet sitt, altså nynorsk. Fordi denne delen ikkje vil vere relevant for mi oppgåve, har eg valt å ikkje ta den med i analysen. Oppgåve éin var ei kortsvarsoppgåve der tre ulike spørsmål skulle svarast på. På dei to fyrste spørsmåla vart det anbefalt at elevane skulle skrive to til fire setningar om kva dei meinte innhaldet i to ulike dikt kunne vere. På det siste spørsmålet skulle dei samanlikne begge to, og her skulle omfanget vere på 100-150 ord. Oppgåve nummer to var ei langsvarsoppgåve som skulle vere på éi til to sider, og her kunne elevane velje mellom å skrive ein skjønnerlitterær tekst og ein sakprega tekst om kvar sine tematikkar.

Heildagsprøva på Vestlandet blei avvikla i slutten av november månad, medan heildagsprøva i Nord-Noreg blei avvikla i byrjinga av mai månad, noko som inneber at elevane ved skulen i Nord-Noreg hadde gått om lag eit halvt år lengre på skule enn elevane ved skulen på Vestlandet då dei skreiv dei nemnde tekstane. Ein kan slik tenkje seg at sistnemnde elevar hadde hatt noko færre avvik om vi hadde samla inn heildagsprøver frå vårsemesteret også hjå dei, men det var ikkje praktisk mogleg for MultiLit-prosjektet å samle inn tekstar produserte på nøyaktig same tidspunkt ved dei to skulane, og i analysane vil det ikkje bli teke vidare omsyn til dette forholdet.

3.2.6 Kategorisering av normavvik

Når det gjeld kategoriseringa av normavvika, er kategoriane i denne oppgåva i stor grad inspirert av Helset (2021), utan at eg har gått like nøyaktig til verks når det kjem til alle underkategoriane som er å finne i kategoriseringa i hans studie. Kategoriane var laga til på førehand før eg manuelt las og analyserte kvar av tekstane. På denne bakgrunnen sette eg opp éin Excel-tabell for kvart av dei to klassesetta med elevtekstar der avvika vart registrerte (jf. vedlegg 1 og 2). Tabellane listar fyrst opp kodane til elevane, gutane først, etterfylgd av jentene. Vidare kjem fylgjande grammatiske avvikskategoriar: 1. *Staving*, 2. *Bøying*, 3. *Avleiing*, 4. *Leksikon*.

Kategorien *Staving* ser naturleg nok særskilt på stavingar av ord, men også verb i infinitiv (slik som desse døma frå nynorsktekstane: **vill* i staden for *vil*, **hevn* i staden for *hemn*, **in* i staden for *inn*, **sei* i staden for *seie*). Kategorien *Bøying* ser på verbbøying og substantivbøying i tillegg til bøying i andre ordklasser (**ligger* i staden for *ligg*, **timer* i staden for *timar*). Kategorien *Avleiing* tek føre seg prefiks og suffiks (**valdelig* i staden for *voldelig*), medan *Leksikon* ser på avvikande heile ord som vik frå rettskrivinga (**begrense* i staden for *avgrense*).

Kvar av desse avvikskategoriane er vidare delte inn i fire underkategoriar som tek føre seg kva for språkleg form avvika eventuelt fell saman med. Denne delen av skjemaet vil sjå ulik ut avhengig av om det er frå Vestlandet eller frå Nord-Noreg. For Vestlandet ser det slik ut under kvar av dei tidlegare nemnte kategoriane: 1. *Bokmål*, 2. *Dialekt*, 3. *Bokmål og Dialekt*, 4. *Verken Bokmål eller Dialekt*. Her fylgjer nokre døme frå nynorsktekstane som synleggjer korleis eg har kategorisert ulike typar avvik med omsyn til dei ovanfor nemnde grammatiske kategoriane og dei her nemnde typane av samanfall: **mener* i staden for *meiner* (*Bøying, Bokmål*), **da* i staden for *det* (*Staving, Dialekt*), **være* i staden for *vere* (*Staving, Bokmål og Dialekt*), **tenkjar* i staden for *tenkjer* (*Bøying, Verken Bokmål eller Dialekt*), **sannheit* i staden for *sanning* (*Avleiing, Dialekt*) **man* i staden for *ein* (*Leksikon, Bokmål og Dialekt*).

For skuleklassa i Nord-Noreg vil det vere ein vesentleg forskjell her, nemleg at samanfall med *Bokmål* vil vere bytta ut med *Nynorsk*, sidan det er bokmål som er hovudmålet til denne elevgruppa. Dermed blir kategori 1. *Nynorsk*, 2. *Dialekt*, 3. *Nynorsk og Dialekt* og 4. *Verken Nynorsk eller Dialekt*. Her fylgjer nokre døme på kategoriseringar av avvika i bokmålstekstane: *lik i staden for like (*Bøying, Dialekt*), *slepp i staden for slipper/slepper (*Bøying, Dialekt*), *dems i staden for deres (*Leksikon, Dialekt*).

Den siste hovudkategorien er 5. *Andre typar avvik*, og denne inneheld underkategoriane 1. *Særskriving*, 2. *Samskriving*, 3. *Blanding og/å*, 4. *Blanding stor/liten førebokstav*, 5. *Tastefeilar*. Kategorien *Andre typar avvik* vil ikkje kunne seie noko om kva avvika er samanfallande med, men eg har likevel valt å ta dei med i analysen, fordi dette vil også kunne gje oss eit inntrykk av elevane sin generelle rettskrivingskompetanse.

Måten eg gjekk fram på då eg analyserte tekstane var at eg hadde laga meg eit kodesystem basert på forkortingar av avvikskategoriane og samanfallskategoriane i Exceltabellane. Kategorien *Staving* blei då til S, *Bøying* = B, *Avleiing* = A og *Leksikon* = L. Vidare kom forkortingane for kva avvikstypane eventuelt var samanfallande med: *Bokmål* = B, *Dialekt* = D, *Bokmål og Dialekt* = B/D og *Verken Bokmål eller Dialekt* = V. Dersom eg då skulle registrere eit avvik i kategorien *Avleiing* samanfallande med bokmål og dialekt, vart det sjåande slik ut: AB/D. Slik markerte eg alle avvika i kvar enkelt tekst. Etter at alle avvika og samanfalla dei måtte ha var markerte med dette bokstavkodesystemet, talde eg alle avvika og registrerte dei i Excel-tabellane under kategoriane dei høyrte heime i. Nest siste del av tabellen tek føre seg og reknar ut tal på avvika samla, kor mange ord kvar elevtekst har og prosentrekninga av avvik per 100 ord. Heilt til slutt i tabellen ser ein gutane sine avvik kontra jentene sine.

3.3 Reliabilitet og validitet

Omgrepa *reliabilitet* og *validitet* er ein del av metodologisk drøfting. Dette er ein viktig del av all forskning, og omgrepa er særleg relevante innan den kvantitative forskinga (Furseth & Everett, 2020, s. 143). Eit anna ord for reliabilitet er *pålitelegheit*, og dermed handlar reliabilitet fyrst og fremst om kor pålitelege dataa eller kjeldene er (Furseth & Everett, 2020, s. 143). Validitet er knytt opp mot utval og innsamling av data, der føremålet er å samle inn så relevant data som mogleg for å kunne få svar på forskingsspørsmåla ein har stilt (Furseth & Everett, 2020, s. 144). Eit anna ord for validitet er *gyldigheit*, og ikkje minst i kvantitativ forskning er det vanleg og viktig å skilje mellom *indre* og *ytre gyldigheit* (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 223). Kort forklart dreier indre gyldigheit seg om konklusjonane ein har trekt er gjeldande for det ein

har studert, medan ytre gyldigheit handlar om at resultatane ein har kome fram til i ein studie kan overførast til andre kontekstar enn det som allereie har blitt studert (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 223). Ein kan seie at alle desse omgrepa og kor godt dei er handsama og implementert av forskaren, vil ha mykje å seie for studien si totale truverd (Postholm & Jacobsen, 2012, s. 223).

Furseth & Everett (2020, s. 142) hevdar at storleiken på utvalet ein tek føre seg i kvantitative undersøkingar må ha ein minimumsstorleik for at analysane skal vere truverdige. Dersom eg hadde teke føre meg endå fleire skuletekstar, ville dette naturlegvis ha gjeve meir generaliserbare resultat av skrivekunne mellom ungdomsskuleelevar høvesvis på Vestlandet og i Nord-Noreg. Ikkje dess mindre tenkjer eg at så pass grundige analysar av eit så pass stort utval tekstar skrivne av to ulike elevgrupper iallfall kan gje visse indikasjonar på om dei ulike språklege vilkåra spelar inn på skrivekunna hjå elevar på Vestlandet og elevar i Nord-Noreg meir generelt. I den tidlegare nemnde studien av Helset (2021), som også var utført mellom ungdomsskuleelevar på Vestlandet, rapporterte elevane at dei i stor utstrekning skreiv dialektnært på sosiale medium, noko som Helset (2021, s. 12) hevdar kan vere med på å forsterke innslaga av dialekt når dei skal skrive normert nynorsk. I motsetnad til Helset (2021), som berre hadde skuletekstane og kva elevane rapporterte at dei skreiv eller sa, så har eg både det dei rapporterer at dei seier eller skriv, men også det dei faktisk seier og skriv på sosiale medium i tillegg. Det at eg gjennom analysar av gruppesamtalane og, ikkje minst, fritidstekstane har kunna undersøke korleis dei faktisk og skriv på sosiale medium, ser eg som ein styrke.

3.4 Etiske omsyn og retningslinjer

I forskning som omfattar menneske, må ein alltid ta etiske omsyn og fylje gjeldande retningslinjer. Det finst fleire prosedyrar som må gjennomførast og verte godkjende før ein kan starte datainnsamlinga til eit prosjekt. Dette er med omsyn til at deltakaren ikkje på noko vis skal kome til skade eller hamne i ein vanskeleg situasjon fordi han deltek (Furseth & Everett, 2020, s. 144). Særleg viktig er det at deltakaren sjølv, eller føresette dersom eleven er under 16 år, har gjeve samtykke til å vere med. Barn og ungdom er ekstra sårbare og skal difor vernast ekstra godt (Furseth & Everett, 2020, s.145). Eit viktig punkt før ein kan gjennomføre ein studie, er at ein må melde det til Sikt (Kunnskapssektorens tjenesteleverandør) og sjekke om ein treng tillating for å utføre det (Furseth & Everett, 2020, s. 144). Dette var allereie klarert då eg kom inn som medforskar i MultiLit-prosjektet hausten 2023. I tillegg til godkjent samtykke, er andre viktige aspekt at deltakaren må få vite at han når som helst kan trekke seg frå studien og at det vert tydeleg opplyst om at alle sensitive personopplysningar vert totalt anonymiserte slik at

ingen skal kunne kjenne at deltakaren. Anonymisering blei i MultiLit-prosjektet sikra ved at alle elevar som tok del i studien, fekk utdelt ein unik tresifra kode som dei skulle bruke ved all datainnsamling, og det var berre forskarane knytt til prosjektet som hadde tilgang til kodenøkkelen som kopla kode og namn. Det var også viktig å opplyse deltakarane både om kvar datamaterialet ville verte oppbevart, kven som har tilgang til det og kva som ville skje med materialet etter at studien er ferdig, fordi dette naturlegvis vil ha noko å seie for kor trygge deltakarane kjende seg på å delta (Furseth & Everett, 2020, s. 145), noko vi også gjorde i MultiLit-prosjektet. Særleg viktig var det å ta etiske omsyn då vi samla inn fritidstekstar. Difor nytta eg og andre forskarar aktivt eit arbeidshefte med snakkepunkt som omfatta dei etiske vurderingane då vi samla inn fritidstekstar (Lunde & Røynealand, 2023, s. 10).

4. Resultat

I dette kapittelet vil eg presentere og drøfte resultata og funna eg har gjort i studien min. Føremålet med denne mastergåva er som nemnt å samanlikne hovudmålstekstar skrivne av 9.klassingar ved ein skule på Vestlandet med hovudmålstekstar skrivne av 9.-klassingar ved ein skule i Nord-Noreg, for slik å kartlegge avvik frå høvesvis nynorskrettskrivinga og bokmålsrettskrivinga. Oppgåva har som nemnt også eit særleg søkjelys mot hyppigheita av ulike typar avvik og kva dei er samanfallande med. Eg legg først fram resultata av forskinga gjort på elevgruppa frå Vestlandet (4.1), etterfylgd av resultata av forskinga gjort på elevgruppa frå Nord-Noreg (4.2).

4.1 Vestlandet

I den første delen av dette delkapittelet presenterer eg resultat frå spørjeskjemaet, då det er vesentleg å forstå korleis elevane sjølve opplever og rapporterer eigen språkbakgrunn og språkbruk i ulike samanhengar (4.1.1). Deretter vil eg ta føre meg gruppesamtalar (4.1.2), etterfylgd av fritidstekstar (4.1.3), og til slutt vil eg ta føre meg skuletekstane (4.1.4), som også er det største materialet mitt.

4.1.1 Spørjeskjema Vestlandet

Det var 17 elevar frå «mi» klasse frå skulen på Vestlandet som hadde svart på spørjeskjemaet. Som nemnt i metodekapittelet, blei elevane bedne om å krysse av for ein del sosiale bakgrunnsvariablar. Dette var spørsmål som mellom anna omhandla kjønn, fødestad, morsmål og hovudmål. Mellom dei 17 elevane var det sju som hadde kryssa av på «mann/gut», åtte som

hadde kryssa av på «kvinne/jente» og to som hadde kryssa av på «anna», og 16 av dei 17 elevane rapporterte at dei var fødde på den same staden som dei bur no, hadde norsk som morsmål og nynorsk som hovudmål. I tillegg til dette fekk dei fleire spørsmål om språkbruken sin, med særleg fokus på korleis dei brukar tale- og skriftsspråk i ulike situasjonar, i ulike sosiale medium (og kva typar dei av desse dei brukar mest) og til ulike personar. Når det kjem til spørsmålet om kva for ulike sosiale medium elevane brukar i størst grad til dagleg, syner svara at dei klart mest brukte er plattformene Snapchat, TikTok, Instagram, Messenger, samt vanleg SMS. Når det kjem til kva språk dei nyttar når dei kommuniserer på desse appane, så avheng det av kven dei chattar med, så her får ein ganske ulike svar. Mellom anna er det slik at når elevane chattar med foreldra sine på desse appane, så svarar eit klart fleirtal av elevane (12 av 17) at dei i all hovudsak skriv på nynorsk, sjølv om ein god del av elevane (7 av 17) svarar at dei også skriv på dialekt eller dialektnært til foreldra (det var mogleg å krysse av for fleire alternativ samstundes). Dei rapporterer akkurat det same når dei svarar på kva språk dei nyttar når dei kommuniserer med vennene sine på dei same chatteappane, altså hovudsakleg nynorsk (12 av 17), i tillegg til nokre som svarar at dei skriv på dialekt eller dialektnært (7 av 17) også her. Nokre få elevar svarar at dei også skriv bokmål til både vener (3 av 17) og føresette (4 av 17) på sosiale medium, medan nokre rapporterer at dei også skriv engelsk til venner (4 av 17). Sidan alle elevane har oppgitt at dei har nynorsk som hovudmål og har vakse opp på denne staden, kan det tenkjast at elevane som har svara at dei skriv bokmål og engelsk til venner eller føresette, gjer dette ganske lite, kanskje berre i spesielle samanhengar, men dette veit vi ikkje.

Sjølv om spørjeskjemaet gav moglegheit for å svare fleire alternativ på dette spørsmålet, er det likevel slik at mesteparten av elevane svarar at dei skriv nynorsk eller dialektnært på sosiale medium. Det at ein så stor del av elevane rapporterer at dei skriv nynorsk når dei kommuniserer med vener på sosiale medium, *kan* botne i at dei reknar dialektnær skiving med utgangspunkt i nynorsk som nynorsk. Dette kan vi ikkje vite, men det er viktig å hugse på at dette er sjølvrapportert språkbruk, som ikkje naudsynlegvis samsvarar med den faktiske språkspråkbruken til elevane. Dermed vil svara kanskje variere i større grad enn den faktisk registrerte språkbruken, noko som kjem betre fram av gruppesamtalane og fritidstekstane som vi skal sjå nærmare på nedanfor.

Eit anna spørsmål i spørjeundersøkinga, gjaldt normtryggleik i nynorsk, og svara ser vi i Tabell 1 nedanfor.

Tabell 1. Kjenner du deg trygg på rettskrivinga i nynorsk?

Kjønn	Mann/gut	Kvinne/jente	Anna	Totalt
Ja, svært trygg	3		1	4
Ja, ganske trygg	4	7	1	12
Verken trygg eller utrygg		1		1
Totalsum	7	8	2	17

Vi ser at til saman tolv av 17 elevar totalt har svart «Ja, ganske trygg», medan berre fire elevar har svart «Ja, svært trygg» og éin har svart «Verken trygg eller utrygg». Når ein ser på korleis jentene og gutane har svart, kan vi legge merke til at ikkje mindre enn tre av gutane meiner dei er svært trygge på rettskrivinga, medan ingen av jentene har kryssa av for dette alternativet. Derimot vurderer sju av åtte jenter det slik at dei (berre) er ganske trygge, samstundes som éi av dei rapporterer at ho verken er trygg eller utrygg. Ein finn eit lite fleirtal av jenter som er ganske trygge på å skrive korrekt på hovudmålet sitt i forhold til gutane, der differansen er på sju jenter versus fire gutar, samt to personar som går under kategorien «anna». Resultatet syner altså gutane kjenner seg tryggare på nynorskrettskrivinga enn jentene.

I tillegg til å vurdere eigen rettskrivingskompetanse, skulle elevane svare på kva dei synest er vanskelegast når dei skal skrive korrekt nynorsk, noko som går fram av Tabell 2 nedanfor.

Tabell 2. Kva er vanskelegast når du skal skrive korrekt nynorsk?

Kjønn	Mann/gut	Kvinne/jente	Anna	Totalt
Å skilje nynorsk frå bokmål/at eg blandar inn ord og former frå bokmål	1	3	2	6
Å skilje nynorsk frå dialekt/at eg blandar inn ord og former frå dialekten min	2	1		3
Veit ikkje	4	4		8
Totalsum	7	8	2	17

Vi ser at det er dobbelt så mange elevar som meiner dei har størst vanskar med å skilje nynorsk frå bokmål (6), som dei som meiner at dei har størst vanskar med å skilje nynorsk frå dialekt (3). Samstundes ser vi at fleirtalet av elevane (8) kryssar av for «Veit ikkje» på dette spørsmålet, noko som kan indikere at dei har eit lite medvite forhold til ulike moglege påverkningsfaktorar.

4.1.2 Gruppesamtalar Vestlandet

I teorikapittelet har eg i korte drag skildra nokre generelle trekk ved dialekten i området som elevane frå Vestlandet bur, og no skal vi sjå nærmare på korleis nokre av elevane i utvalet mitt snakka i ein gruppesamtale som det blei gjort lydopptak av i MultiLit-prosjektet.

Det transkriberte gruppesamtalekorpuset har eit omfang på 2488 ord, noko eg meiner er nok til å gje eit godt inntrykk av korleis elevane som er med i utvalet faktisk snakkar i dag. Eg vil no nemne nokre av dei mest høgfrekvente dialektale døma som bryt med nynorsknorma, og som dermed kanskje kan forklare tilsvarande avvik i nynorsktekstane til dei same elvane.

Dei aller hyppigaste dialektale døma som går att i gruppesamtalen er mellom anna former av determinativen *noko* på nynorsk, som dei uttaler **nåkke/nåå/nåke* i ulike former, i tillegg til pronomenet *det*, som vert uttalt som **da*. Ein finn mange fleire døme på dialektal uttale i ord der ein konsonant fell bort, slik som **ka* i staden for *kva*, **ska* i staden for *skal*, **va*

i staden for *var*; **e* i staden for *er* og ikkje minst **en* i staden for *ein*. Elevane brukar også oending i bunden form eintal av svake hokjønnsord, slik som til dømes **veko* i staden for *veka*. I gruppesamtalekorpuset finn ein også andre dialektale trekk som også samsvarar med bokmål, slik som måten å seie *iallfall/i alle fall* på, der elevane heller seier **i (h)vert fall/i (h)vertfall*. Fleire slike døme er mellom anna at ordet **man* vert nytta i staden for ordet *ein* og **namn, hamn, hevn* i staden for *namn, hamn, hemn*). I tillegg går ordet **bare* i staden for *berre* att i gruppesamtalen, samt **bedre* i staden for *betre*.

4.1.3 Fritidstekstar Vestlandet

I tillegg til gruppesamtalar har også ein god del elevar donert fritidstekstar til MultiLitprosjektet. Dette er viktig materiale for denne oppgåva som mellom anna undersøker mogleg påverknad frå dialekt og dialekt nær skriving i nynorsktekstar, av fleire grunnar. For det første er det gjerne slik at ungdomen ikkje gjev att nøyaktig dialektal uttale, sjølv om dei skriv dialekt nær på sosiale medium, noko som mellom anna kan ha samanheng med at det ofte kan eksistere sosiale normer for korleis ein skal skrive på sosiale medium, slik vi såg i teorikapittelet (Strand, 2018). For det andre veit vi av tidlegare forskning at mange ungdomar produserer store mengder dialekt nær tekst på sosiale medium (Helset, 2021), og sidan ein kan hevde at det er eit tettare samband mellom dialekt nær skrift på sosiale medium og nynorskskriving i skulen enn mellom talemål og nynorskskriving, er det ikkje usannsynleg at den dialekt nære skrivinga som ungdomane praktiserer på sosiale medium, kan ha meir påverknad på nynorskrettskrivinga til elevane enn talemålet deira.

Fritidstekstar er meldingar elevane har skrive i privat samanheng til andre vener på same trinn på ulike chatteappar som t.d. Snapchat, iMessage, SMS og liknande, og viser korleis elevane faktisk skriv når dei chattar med kvarandre på sosiale medium. Fritidstekstane som ligg til grunn for denne oppgåva, er i all hovudsak henta frå chattar mellom elevar frå den same klassa som eg analyserte skuletekstane til, og har eit omfang på 487 ord. Gjennom kvalitative analysar av dette tekstkorpuset har eg kunne kartlegge dei 20 hyppigaste dialektorda i fritidstekstane som avvik frå nynorsknorma.

Det aller hyppigaste dømet er, på lik linje med i gruppesamtalekorpuset, det dialektale ordet **da* i staden for *det* på normert nynorsk. Andre hyppige døme er spørjeordet **ka* i staden for *kva*, samt det dialektale spørjeordet **koffe* i staden for spørjeorda *kvifor/korfor*. Vidare finn ein mange døme på at verbet *vere/vera* blir skrive som **ve* i staden for *vere* (infinitiv), **e* i staden for *er* (presens) og **va* i staden for **var* (preteritum), og det same gjeld **ska* i staden for *skal*, slik ein også finn i gruppesamtalekorpuset.

Ein ser også at elevane hovudsakleg skriv pronomenet *dei* som **de* og **di* i fritidstekstane. Vidare ser ein også at mange av orda *dei* nyttar har moftongering i staden for diftongering, som er vanleg i normert nynorsk i ord som *gøyme/gøyma* og *køyre/køyra*. I fritidstekstkorpuset finn ein i staden variantane **glømme* og **kjøra*, i tillegg til verbet **gjøra* i staden for *gjera*. Dette er altså høgfrekvente dialektneare former i fritidstekstkorpuset, som bryt med nynorsknorma. Ein finn også døme på dialektneare former som bryt med nynorsknorma, men som er innanfor bokmålsnorma, slik som **antall* og **tallet* og i staden for *antal* og *talet* og **same* og **sammen* i staden for *same* og *saman*.

4.1.4 Skuletekstar Vestlandet

Skuletekstane frå elevane på Vestlandet består som nemnt i metodekapittelet av 21 tekstar og har samla sett 26 484 ord. Dette gir ei gjennomsnittleg lengde på 1261 ord per tekst. Vidare er talet på avvik frå nynorsknorma totalt sett er 1999 ord, noko som gir eit snitt på 95 avvik per tekst. Dette gjeld det totale materialet der også kategorien *Andre typar avvik* er inkludert, sjølv om ikkje denne tek føre seg samanfall med dialekt og bokmål. Når det kjem til avvik per 100 ord, som er det som er mest interessant, så finn vi at dette ligg på 8,2 i tekstane frå klassa på Vestlandet. Når det gjeld skilnaden mellom gutar og jenter, er det slik at gutane har eit snitt på 8,8 avvik per 100 ord, medan det for jentene ligg på 7,1 avvik per 100 ord.

Avvikstypene som dominerer i elevtekstane frå Vestlandet høyrer til under hovudkategorien *Staving*, med samla sett 927 (60%) avvik frå nynorsknorma. Ser ein vidare på kva for underkategori avvika i kategorien *Staving* i størst grad er samanfallande med, finn ein at dette er kategorien *Dialekt* med 396 (43%) avvik, etterfylgd av kategorien *Verken Bokmål eller Dialekt* med 237 (26%) avvik. Deretter kjem kategorien *Bokmål og Dialekt* som har 181 (20%) avvik, og til slutt kjem kategorien *Bokmål* med 113 (12%) avvik.

Dei mest høgfrekvente døma i kategorien *Staving* samanfallande med den største hovudkategorien *Dialekt* er mellom anna **da* i staden for *det*, **att* i staden for *at*, **nokk/*nokke/*nokken* i staden for *nok/noko/nokon*, **sei* i staden for *seie*, **øve* i staden for *over*, **ka* i staden for *kva*, **me* i staden for *med* og **hennas* i staden for *hennar*. Samanfallande med *Verken Bokmål eller Dialekt* har vi mellom anna **in* i staden for *inn*, **vist/vis* i staden for *viss*, **gjømer* i staden for *gøymer*, **viste* i staden for *visste*, **trøyt* i staden for *trøytt*, **eit* i staden for *eitt* og **gjir* i staden for *gir*. Neste samanfallande kategori er *Bokmål og Dialekt*, og her er dei hyppigaste døma mellom anna **være* i staden for *vere*, **bare* i staden for *berre*, **holde* i staden for *halde*, **de* i staden for *dei*, **virke* i staden for *verke*, **en* i staden for *ein*, **egen* i staden for *eigen* og **uten* i staden for *utan*. I den siste samanfallande kategorien *Bokmål* er dei hyppigaste

døma mellom *anna* **hun* i staden for *ho*, **se* i staden for *sjå*, **si* i staden for *seie*, **annet* i staden for *anna*, **ble* i staden for *blei* **gjøre* i staden for *gjere*.

Den nest største avvikskategorien frå klassa på Vestlandet er *Bøying* med totalt 463 (30%) avvik. Vidare ser ein at kategorien bøyingsavvika er samanfallande med i størst grad er *Verken Bokmål eller Dialekt* som har 156 (34%) avvik. Den nest største samanfallande kategorien er *Bokmål* med 150 (32%) avvik, altså er det berre seks avvik som skil desse to kategoriane. Deretter kjem *Dialekt* med 90 (19%) avvik, etterfylgd av *Bokmål og Dialekt* med det minste talet på avvik, nemleg 67 (14%).

I kategorien *Bøying* er dei hyppigaste døma i den største samanfallande kategorien *Verken Bokmål eller Dialekt* finn ein mellom *anna* **verker* i staden for *verkar*, **tenkjar* i staden for *tenkjer*, **høyrrar* i staden for *høyrrer*, **visar* i staden for *viser*, **ein* i staden for *ei/eit*, **vert* i staden for *vore*, **heitar* i staden for *heiter*, **kjemer* i staden for *kjem*. I nest største kategori *Bokmål* er det mellom *anna* **kommet* i staden for *kome*, **kommer* i staden for *kjem*, **banket* i staden for *banka*, **så* i staden for *såg* og **lå* i staden for *låg* som går att. I kategorien *Dialekt* går desse døma att: **velje/velge* i staden for *vel*, **henda* i staden for *hendene*, **klar* i staden for *klare*, **prøvar* i staden for *prøver*, **oppføra* i staden for *oppfører*, **meine* i staden for *meiner* og **synst* i staden for *synast*. I den siste samanfallande kategorien *Bokmål og Dialekt* er dei hyppigaste døma desse: **syns* i staden for *synest*, **fant* i staden for *fann*, **satt* i staden for *sette*, **ligger* i staden for *ligg*, **jakter* i staden for *jaktar* og **legger* i staden for *legg*.

Vidare skal eg ta føre meg den tredje største hovudkategorien for elevane frå Vestlandet, nemleg kategorien *Leksikon*, og sjå kva avvika er samanfallande med her. Kategorien *Leksikon* ser på avvikande leksikalske element som er heile ord som avvik frå rettskrivinga i nynorsk. Totalt sett har vi 115 (7%) avvik i denne kategorien. Kategorien *Bokmål og Dialekt* har heile 53 (46%) av dei 115 avvika og er dermed den største samanfallande kategorien under *Leksikon*. Dei aller hyppigaste døma her er fyrst og fremst **man* i staden for *ein*, **kun* i staden for *berre*, **foran* i staden for *framfor*, **shit* i staden for *skit* og **nederste/nederst* i staden for *nedste/nedst*. Vidare finn vi 32 (28%) avvik i kategorien *Dialekt*. Dei mest høgfrekvente døma her er **dekan* i staden for *dykk/dokker* og **kossen/kordan* i staden for *korleis* og **vertfall* vs. *iallfall*. Deretter kjem *Verken Bokmål eller Dialekt* og har også 29 (25%) avvik. Det mest høgfrekvente dømet her er **yes/yess* i staden for *ja*, altså påverknad frå engelsk.

I tillegg til *Staving*, *Bøying* og *Leksikon*, har vi ein siste kategori som tek føre seg avvik og kva typar av samanfall dei har, nemleg kategorien *Avleiing*, som tek føre seg prefiks og suffiks. For elevane på Vestlandet er dette den kategorien med færrest avvik. Her syner tabellen

at kategorien samla sett har 40 (3%) avvik. Den samanfallande kategorien med flest avvik er *Bokmål og Dialekt*, som har heile 23 (58%) av avvika. I denne kategorien er dei mest høgfrekvente døma mellom anna **vanlig* i staden for *vanleg*, **egentlig* i staden for *eigentleg*, **skikkeleg* i staden for *skikkeleg* og **sannsynlig* i staden for *sannsynleg*. Den nest største kategorien er *Verken Bokmål eller Dialekt* (her har eg kategorisert ord som ikkje er skrivne rett) også med 7 (18%) avvik, til dømes: **nemli* i staden for *nemleg*, **tolmodighet* i staden for *tolmod*, **tideleg* i staden for *tidleg*. Deretter kjem kategorien *Dialekt* med 9 (23%) avvik, mellom anna **sjølvssikkerheit* i staden for *sjølvtryggleik* og **sannheit* i staden for *sanning*. Den siste kategorien *Bokmål* har ingen avvik (0%).

Til slutt i tabellen finn vi kategorien *Andre typar avvik*, og denne tek som nemnt ikkje føre seg kva avvika er samanfallande med, men har likevel blitt tatt med i analysen då det vil gi oss eit større bilete på elevane si faktiske rettskrivingskompetanse utover berre kva som kan påverke dei til å skrive på visse måtar. Kategorien tek føre seg *Særskrivning*, *Samskriving*, *Blanding og/å*, *Blanding stor/liten førebokstav* og *Tastefeilar*. Denne kategorien er også nokså stor, med heile 454 avvik. Den største underkategorien er *Blanding liten/stor førebokstav* og har heile 149 (33%) avvik, etterfylgd av kategorien *Blanding og/å* som har 131 (29%) avvik. Deretter kjem kategorien *Særskrivning* som også har eit høgt tal på 105 (23%) avvik. Nest minste kategori er *Tastefeilar*, som tek føre seg ord der det er heilt tydeleg at eleven berre har skrive feil og ikkje trur at ordet skal vere slik. Denne kategorien har 52 (11%) avvik. Den kategorien med færrest avvik er *Samskriving* med 17 (4%) avvik.

Søkjelyset i denne delen av studien er retta inn mot i kva grad avvika i nynorsktekstane frå Vestlandet fell saman med bokmål, dialekt og/eller dialekt nær skrivning på sosiale medium. Talet på avvik frå nynorsknorma i elevtekstane frå Vestlandet er totalt sett 1999 ord, men dette inkluderer også kategorien *Andre typar avvik* og denne kategorien er ikkje interessant når ein ser på kva avvika er samanfallande med. Når ein ser på totalen av alle hovudkategoriane og kva dei er samanfallande med, har vi 1545 avvik som kan botne i påverknad frå dei ulike underkategoriane. Av dei 1545 avvika finn ein at heile 927 (60%) desse høyrer til under kategorien *Staving*. Nest største kategori er *Bøying* med 463 (30%) av avvika. Deretter kjem kategorien *Leksikon* med 115 (7%) av avvika, og siste kategorien *Avleiing* med 40 (3%) av avvika.

Totalt sett syner resultata at heile 527 (34%) av avvika er samanfallande med *Dialekt* (**da* i staden for *det*, **dekan* i staden for *dykk/dokker*). Den nest største kategorien er *Verken Bokmål eller Dialekt* med 429 (28%) avvik (**vis* i staden for *viss*) etterfylgd av *Bokmål og*

Dialekt med 342 (22%) av avvika (**man* i staden for *ein*). Den siste og minste kategorien er *Bokmål* med 265 (17%) avvik (**kommet* i staden for *kome*).

4.2 Nord-Noreg

Datamaterialet frå elevane på skulen i Nord-Noreg vil verte presentert i same rekkjefylgje som eg presenterte materialet frå elevane på Vestlandet. Dermed startar eg med spørjeskjemaet (4.2.1), etterfylgd av gruppesamtalar (4.2.2). Deretter vil eg ta føre meg fritidstekstane (4.2.3) og til slutt skuletekstane frå elevane i Nord-Noreg (4.2.4). Datamaterialet frå Nord-Noreg er litt mindre enn det frå Vestlandet, men det vil likevel vere nok til å kunne gi svar på problemstillingane mine.

4.2.1 Spørjeskjema Nord-Noreg

Medan det frå klassa på Vestlandet ikkje var færre elevar som svara på spørjeskjemaet enn som hadde levert skuletekstar, var det omvendt frå klassa i Nord-Noreg, der fleire elevar hadde svara på spørjeskjemaet enn det var elevar som hadde levert skuletekstar. Frå klassa i Nord-Noreg var det nemleg 22 elevar som svara på spørjeskjemaet, medan det var 18 elevar som hadde levert skuletekstar.

Elevane frå skulen i Nord-Noreg fekk også dei same spørsmåla stilt i spørjeskjemaet, der dei først måtte krysse av for ein del sosiale bakgrunnsvariablar (kjønn, fødestad, morsmål og hovudmål). Mellom dei 22 elevane var det elleve som hadde kryssa av på «mann/gut» og elleve som hadde kryssa av på «kvinne/jente», og 15 av dei 22 elevane rapporterte at dei var fødte på den same staden som dei bur no, hadde norsk som morsmål og bokmål som hovudmål. Når det gjeld bruk av sosiale medium, ser vi av spørjeskjemaet at dei appane elevane brukar mest, som også er appar der ein kan chatte med kvarandre, er Snapchat, SMS, Instagram og Discord. Vidare ser ein at når det vert chatta med venner, så går dette føre seg i nesten like stor på bokmål (10 av 22) som på dialekt eller dialekt nær skrift (11 av 22). Overraskande nok rapporterer heile 14 av 22 elevar at dei også brukar engelsk, noko som skil seg frå elevgruppa på Vestlandet. Nynorsk er det ingen av elevane i Nord-Noreg som skriv, i motsetnad til hjå elevane på Vestlandet, som svarar at dei skriv bokmål til ei viss grad med både venner og føresette.

Som elevane på Vestlandet, blei også elevane i Nord-Noreg bedne å rapportere kor trygge dei kjenner seg på rettskrivinga på hovudmålet sitt, som for deira del er bokmål. Dette kjem fram av Tabell 1 nedanfor.

Tabell 1. Kjenner du deg trygg på rettskrivinga i bokmål?

Kjønn	Mann/gut	Kvinne/jente	Totalt
Ja, svært trygg	4	7	11
Ja, ganske trygg	6	4	10
Verken trygg eller utrygg	1		1
Totalsum	11	11	22

Det ein ser av Tabell 1 er at av totalt 22 elevar rapporterer dei aller fleste at dei kan å skrive ganske korrekt på hovudmålet sitt bokmål. Eit knapt fleirtal av elevane i klassa har svart «Ja, svært trygg» når det kjem til rettskrivinga i bokmål (11), medan dei resterande elevane (10) har svara «Ja, ganske trygg». Det er berre éin elev som rapporterer at han kjenner seg «Verken trygg eller utrygg». Når det gjeld fordeling mellom kjønna, legg vi merke til at fleire jenter (7) enn gutar (4) kjenner seg svært trygge på rettskrivinga, medan fleire gutar (6) enn jenter (4) kjenner seg ganske trygge. Det vil seie at samla sett kjenner jentene seg meir trygge på rettskrivinga i hovudmålet sitt enn gutane i Nord-Noreg, medan det altså var motsett for elevane på Vestlandet.⁴

4.2.2 Grppesamtalar Nord-Noreg

I teorikapittelet har eg i korte drag skildra nokre generelle trekk ved dialekten til elevgruppa i Nord-Noreg, og no skal vi sjå nærmare på korleis nokre av elevane i utvalet mitt snakka i ein gruppesamtale som det blei gjort lydopptak av i MultiLit-prosjektet. Eg vil no nemne nokre av dei mest høgfrequente dialektale døme som bryt med bokmålsnorma og som moglegvis kan gje seg utslag i avvika ein finn i bokmålstekstane.

Dei transkriberte gruppesamtalane frå skulen i Nord-Noreg inneheld 3696 ord. I gruppesamtalane finn ein mange døme på apokoperte infinitivar som **å gjør* i staden for *å gjøre*, **å vær* i staden for *å være* og **å far* i staden for *å fare*, sjølv om ein også finn døme på

⁴ Elevane i Nord-Noreg vart som elevane på Vestlandet spurde om kva dei meinte var vanskelegast når dei skulle skrive nynorsk, men dessverre for min studie ikkje om kva dei meinte var vanskelegast når dei skulle skrive bokmål. Derfor har eg ikkje med tilsvarende tabell som for elevane på Vestlandet her.

former som er i samsvar med bokmålsnorma, altså med *e* i utlyd. Ein finn også ein god del døme på at verbet *vere* vert uttala som **e* i staden for *er* i presens og på at hankjønnsord i fleirtal blir uttala *-an*, slik som **reglan* i staden for *reglene*. Verbet *å skulle* i presens vert som hovudregel uttala **ska* i staden for *skal*. Andre hyppige døme er mellom anna **nån* i staden for *noen*, **skola* i staden for *skolen* og **nokka* i staden for *noe*. Adverba *hvordan* og *nå* uttaler dei som **kordan* og **nu*. Dei personlege pronomena *eg*, *deg* de uttalast **æ*, **dæ* og **dæm*, medan spørjeordet *hva* uttalast som **ka*.

4.2.3 Fritidstekstar Nord-Noreg

Fritidstekstane som er samla inn frå elevane i Nord-Noreg har eit omfang på 930 ord. Det ein ser i fritidstekstkorpuset frå Nord-Noreg, i motsetnad til det frå Vestlandet, er at det i stor grad blir chatta på engelsk og på bokmål. Difor er der mindre dialektale innslag i fritidstekstkorpuset frå Nord-Noreg enn i det tilsvarande korpuset frå Vestlandet, sjølv om førstnemnde er dobbelt så stort som sistenemnde. Til dømes finn ein heller få innslag av apokope, som vi såg det er mykje av i dialekten til elvane. I fritidstekstane skriv elevane verba i dei aller fleste tilfella i samsvar med bokmålsnorma: *å søke*, *å skrive*, *å gjøre* og *å kjøpe*, sjølv om ein også finn nokre døme på verb skrive med apokope i infinitiv: **å gjør* i staden for *å gjøre*, **å kjøp* i staden for *å kjøpe* og **å les* i staden for *å lese*. Determinativen *deres* vert fleire gonger skrive som **demmes*, medan dei personlege pronomena *jeg* og *dere* ofte vert skrive som **æ* og **dokker*. Dessutan skriv elevane ofte **e* i staden for *er*, **ka* i staden for *hva*, **nå* eller **nån* i staden for *noen* og **ska* i staden for *skal*. Dette viser at også elevane i Nord-Noreg har ein god del dialektale innslag når dei chattar på sosiale medium, sjølv om dei ikkje skriv like dialektært som elevane på Vestlandet.

4.2.4 Skuletekstar Nord-Noreg

Materialet frå klassa i Nord-Noreg består av 18 tekstar og har totalt 13 177 ord. Sjølv om talet på skuletekstar frå dei to klassene er om lag like store, er det temmeleg stor skilnad i talet på ord per klasse. Skuletekstane frå elevane på Vestlandet har samla sett 26 484 ord, medan skuletekstane frå Nord-Noreg har 13 177 ord totalt. Dermed har vi faktisk rundt halvparten så mange ord samla frå skuletekstane i Nord-Noreg samanlikna med dei på Vestlandet. Det har likevel ikkje så mykje å seie at eg har ulik mengde data frå dei ulike stadane, då det som er mest interessant er avvik per 100 ord. Når ein reknar ut gjennomsnittleg omfang ord frå klassa i Nord-Noreg, endar vi opp på 732 ord per tekst. Det samla talet på avvik i skuletekstane frå Nord-Noreg ligg på 173, og dette gir oss eit snitt på 9,6 avvik per tekst. Her ligg avvik per hundre 100

ord på 2,9. Gutane har eit snitt på 5,1 avvik per 100 ord, medan det for jentene ligg ein heil del lågare, med 1,1 avvik per 100 ord. Eg vil no presentere hovudfunna når det kjem til dei ulike kategoriane og kva dei er samanfallande med.

Den kategorien som har flest registrerte avvik er *Bøying* med 57 (53%) avvik. Kategorien *Bøying* har flest avvik som er samanfallande med *Dialekt*, nemleg 43 (75%). Dei mest høgfrequente døma her er i hovudsak adjektiv som mellom anna **lik* i staden for *like*, **misfornøyd* i staden for *misfornøyde*, **usikker* i staden for *usikre*, **noe* i staden for *noen* og **unik* i staden for *unike*. Den nest største samanfallande kategorien er *Verken Nynorsk eller Dialekt* med 13 (23%) avvik. Døma her er ikkje akkurat hyppige, men ein finn mellom anna avvik som: **enkelt* i staden for *enkle*, **få* i staden for *får* og **det* i staden for *den*. Etterfylgd av denne kategorien kjem kategorien *Nynorsk og Dialekt* som berre har eitt registrert avvik (2%), nemleg **slepp* i staden for *slipper*. Den samanfallande avvikskategorien *Nynorsk* har ingen registrerte avvik (0%).

Nest størst er kategorien *Staving* med 46 (43%) avvik. Dermed er desse to kategoriane nesten jamstore. I kategorien *Staving* er avvika i størst grad samanfallande med underkategorien *Verken Nynorsk eller Dialekt* med 24 (52%) avvik. Her er det mest hyppige dømet **vis* i staden for *hvis*, og elles finn ein ulike døme som til dømes: **fin* i staden for *finner* og **var* i staden for *hva*. Deretter kjem kategorien *Dialekt* med 19 (41%) avvik, og nokre høgfrequente døme her er mellom anna **gjør* i staden for *gjøre* og **prøv* i staden for *prøve*. Til slutt kjem *Nynorsk og Dialekt* med 3 (7%) avvik. Her er det ordet **dokker* i staden for *dere* som er mest høgfrekvent. Den samanfallande avvikskategorien *Nynorsk* har heller ingen registrerte avvik (0%) i denne hovudkategorien.

Av dei kategoriane som ser på kva avvika er samanfallande med, så er den tredje største kategorien *Leksikon* for elevane i Nord-Noreg. Totalt sett i denne kategorien finn ein 5 (5%) avvik. Dei samanfallande kategoriane er *Verken Nynorsk eller Dialekt* med 3 (60%) avvik, og *Dialekt* med dei resterande 2 (40%) avvika. Døme på avvik er mellom anna **deprest* (*engelsk depressed*) i staden for *deprimert*, **eks* i staden for *eksempel* (*Verken Nynorsk eller Dialekt*) og **dems* i staden for *deres* og **lame* i staden for *i lag med* (*Dialekt*).

Ein annan kategori som i utgangspunktet også tek føre seg samanfall er *Avleiing*, men her finn ein ingen registrerte avvik (0%) for elevklassa frå Nord-Noreg.

Den siste kategorien *Andre typar avvik* har samla sett 65 (38%) av totalt 173 registrerte avvik (når ein ser på det totale materialet). Denne kategorien tek ikkje føre seg kva avvika er samanfallande med. Av desse er mesteparten av avvika å finne i kategorien *Blanding stor/liten*

førebokstav med 37 (57%) av avvika. Vidare finn ein like mange registrerte avvik i kategoriane *særskrivning* og *blanding og/å* med 10 (15%) avvik i kvar kategori. Etterfylgd av dette finn ein 7 (11%) avvik i kategorien *samskriving* og til slutt kategorien *tastefeilar* som berre har eitt registrert avvik (2%).

Oppsummerer ein alle dei samanfallande avvika, ligg totalen på 108 avvik. Den største kategorien er *Bøying* med 57 (53%) avvik, etterfylgd av kategorien *Staving* som har 46 (43%) avvik. Tredje største kategori er *Leksikon* med 5 (5%) avvik, og siste kategorien *Avleiing* har ingen registrerte avvik (0%).

Ser ein på det totale materialet, syner resultata at heile 64 (59%) avvik er samanfallande med *Dialekt* (**lik* i staden for *like*, **prøv* i staden for *prøve*). Den nest største kategorien er *Verken Nynorsk eller Dialekt* med 40 (37%) avvik (**vis* i staden for *hvis*, **fin* i staden for *finner*) etterfylgd av *Nynorsk og Dialekt* med 4 (4%) av avvika (**slepp* i staden for *slipper*, **dokker* i staden for *dere*). Den siste og minste kategorien er *Nynorsk* med 0 (0%) avvik.

5. Drøfting

I resultatkapittelet har eg allereie presentert dei viktigaste funna i studien. I dette kapittelet vil eg ta føre meg ei grundigare og meir heilskapleg analyse som kan gje svar på forskingsspørsmåla mine. I tillegg inneber drøftinga både å sjå mine eigne funn i lys av tidlegare studiar, samt å vise til det teoretiske rammeverket. Dermed vil eg i dette kapittelet sjå om funna mine samsvarar med eller står i motsetnad til tidlegare studiar. Det har ikkje blitt forska på avvikstypar som er samanfallande med dialekt hjå elevar som har bokmål som hovudmål, og difor vil naturlegvis drøftinga mi vere prega av at funna mine vert sett i lys av tidlegare rettskrivingsstudiar som hovudsakleg tek føre seg normavvik hjå nynorskelevar.

Eg viser til kompetansemålet i norsk for 10. trinn som hevdar at elevar på dette tidspunktet skal kunne «skrive tekstar med funksjonell tekstbinding og riktig teiknsetjing og meistre rettskriving og ordbøying på hovudmål og sidemål» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Elevane i studien min går som nemnt i 9.-klasse, men på dette tidspunktet skal dei likevel kunne nærme seg det kompetansemålet for 10. trinn ventar av dei. Vi veit at begge elevgruppene skreiv tekstane under heildagsprøver som fann stad på skulen og vart gjort i Word over fem timar. Dei hadde tilgang til både rettskrivingsprogram i Word og alle andre hjelpemiddel med unntak av ope internett og verktøy som kunne nyttast til å kommunisere med kvarandre medan prøva gjekk føre seg. Ved at dei både hadde tilgang til rettskrivingsprogram i Word og til ordbøker, så er det verdt å merke seg at dette naturleg nok kan prege resultata i ei viss grad. Elevane skulle bli

vurderte på fleire punkt, mellom anna rettskriving. Difor er det rimeleg å gå ut frå at elevane prøvde å yte sitt beste og skrive så korrekt som mogleg i situasjonen. Med dette som utgangspunkt vil eg i det fylgjande drøfte det fyrste forskingsspørsmålet for oppgåva, som altså er som fylgjer: *Kor mange avvik finn ein i elevtekstane frå Vestlandet samanlikna med elevtekstane i Nord-Noreg, og kva for typar avvik dominerer i kvar av dei to gruppene og samla?*

5.1 Avvik per 100 ord og dominerande avvikstypar på Vestlandet

Når det kjem til avvik per 100 ord, har vi sett at dette ligg på 8,2 avvik per 100 ord for elevane på Vestlandet. Det totale materialet syner at elevane har 1999 avvik samla sett, inklusiv kategorien *Andre typar avvik* som ikkje tek føre seg samanfall. Dermed står ein att med 1545 avvik som tek føre seg kva avvika kan botne i påverknad frå. Av dei 1545 avvika finn ein at heile 927 (60%) desse høyrer til under kategorien *Staving*. Nest største kategori er *Bøying* med 463 (30%) av avvika. Deretter kjem kategorien *Leksikon* med 115 (7%) av avvika, og siste kategorien *Avleiing* med 40 (3%) av avvika.

Ser ein på det totale materialet er heile 527 (34%) samanfallande med den lokale dialekten (**da* i staden for *det*, **sei* i staden for *seie*, **ka* i staden for *kva*, **hennas* i staden for *hennar*, **dekan* i staden for *dykk/dokker* og **henda* i staden for *hendene*). Dermed er dette den dominerande avvikskategorien hjå denne elevgruppa. Så mykje som 429 (28%) avvik er verken samanfallande med dialekt eller bokmål (**vis* vs. *viss*). Vidare er det slik at 342 (22%) av avvika er samanfallande både med dialekt og bokmål (**man* vs. *ein*), medan 265 (17%) av avvika (**kommet* vs. *kome*) er samanfallande berre med bokmål. Lat oss no først sjå litt meir i detaljar på kva som kjenneteiknar dei dialektale avvika, og kva som kan forklare desse.

I delkapittelet om fritidstekstar (4.1.1) presenterte eg hovudsakleg berre dei døma på dialektal uttale som bryt med nynorsknorma som kunne gje seg utslag i avvik i skuletekstane. Eg repeterer dei hyppigaste døma **da* vs. *det*, **koffe* vs. *kvifor/korfor*, **vere/vera* vs. **ve*, **va* vs. *var*, **e* vs. *er*, **ska* vs. *skal*, **ka* vs. *kva*, **glømme* vs. *gløyma*, **kjøra* vs. *køyra*, **gjøra* vs. *gjera*, **nokk/*nokke/*nokken* (eller med -å for -o) vs. *nok/noko/nokon*. Det resultatet syner er at om lag alle desse døma eller liknande døme på dialektal uttale som ein finn både i fritidstekstane, finn ein òg i skuletekstane. Dette kan kanskje indikere at elevane slit med å skilje ut dialektale former når dei skal skrive normert nynorsk.

Vidare er det slik at ein stor del av dei dialektale er knytt til avvikande bruk av enkel og dobbel konsonant, akkurat som i studien til Hellevang & Helset (2022, s. 58). Typiske døme er **att* i staden for *at* og **nokk/*nokke/*nokken* i staden for *nok/noko/nokon*, men ein finn også

**vill* i staden for *vil*, **till* i staden for *til*, **sitt* i staden for *sit* og **sett* i staden for *set* også i skuletekstane mine. At elevane legg til ein konsonant i ord som **vill* i staden for *vil*, **till* i staden for *til* og **att* i staden for *at*, er ikkje like tydeleg at det botnar i påverknad frå den lokale dialekten på lik linje med **da* i staden for *det*, **ka* i staden for *kva* og **hennas* i staden for *hennar*, sidan førstnemnde er allmenne trekk i norske talemål. Det er difor verdt å merke seg at denne typen avvik spelar inn på den høge prosentdelen dialektale avvik i denne kategorien.

Det at vi finn så mange avvik som botnar i påverknad frå dialektal uttale i så stor grad i skuletekstane, kan indikere fleire ting. Desse døma kan kanskje heller indikere at elevane i større grad slit med å skilje mellom ulike skrivesituasjonar, då det kan verke som om nynorskelevane tek med seg den dialektale skrivinga også inn i skulesamanheng.

Sjølv om det er dei reine dialektale avvika som dominerer elevtekstane frå Vestlandet, finn også ein god del avvik som fell saman både med dialekt og med bokmål (22%), og også ein del avvik som er samanfallande berre med bokmål (17%). At nynorskelevane har såpass høge prosentar når det kjem til dei andre samanfallande kategoriane, og særleg kategorien bokmål åleine, kan også indikere at nynorskelevane i stor grad vert utsett for og slik påverka av majoritetsspråket bokmål.

Blant dei hyppigaste døma i kategorien der avvika fell saman med både bokmål og den lokale dialekten finn ein hovudsakleg avvik knytt til manglande diftongering (t.d. **en* i staden for *ein*, **egen* i staden for *eigen* og **de* i staden for *dei*) og vokalisme (t.d. **være* i staden for *vere*, **holde* i staden for *halde*, **virke* i staden for *verke* og **uten* i staden for *utan*). Helset (2021, s. 25) sin studie viser at heile 60% av stavingsavvika ser ut til å i størst grad botne i påverknad frå både bokmål og dialekt, medan det i Hellevang & Helset (2022, s. 62) sin studie ligg på 12%. For sistenemnte gjeld dette det totale materialet, men Hellevang & Helset (2022, s. 63) nemner at avvika som er samanfallande med både bokmål og dialekt hovudsakleg gjeld vokalisme også der.

Slik som i studien av Hellevang & Helset (2022, s. 58) finn ein også avvik som er knytt til konsonantisme i tekstane mine. Altså at ein dobbel konsonant har vorte byta ut med ein annan konsonant, slik som t.d. at det blir skriva **vant* i staden for *vann* og **fant* i staden for *fann*. Slike døme finn ein også fleire stadar i skuletekstane mine. Med desse avvika var det litt vanskelegare å avgjere om dette botnar i påverknad frå bokmål, eller om det avspeglar korleis den lokale dialekten er i dag. I eit slikt tilfelle kunne ein ha nytta fritidstekst- og gruppesamtalekorpusa for å søkje etter ord ein går ut i frå er samanfallande med den faktiske dialektale uttalen, men desse døma var ikkje å finne der. Likevel ser ein bruken av **fant* i staden for *fann* i dei aller fleste

tilfella i skuletekstane. Dette kan kanskje indikere at ungdomen på denne staden snakkar slik i dag, og difor har eg valt å kategorisere at denne typen avvik fell saman med både dialekt og bokmål.

Det kan tenkjast at kategorien som tek føre seg både bokmål og dialekt, truleg kan verte større med tida også andre stadar. Å avgjere om avvika som fell saman med både den lokale dialekten og bokmål i størst grad kjem av dialektal skriving eller av massiv bokmålsksponering, er vanskelegare å slå fast med sikkerheit. Det er fordi dialektar er stadig i endring. Ein allmenn tendens er mellom anna det ein kallar språkleg utjamning. Mæhlum & Røyneland (2014, s. 126) forklarar prosessen som går ut på at særigne språktrekk ved ein dialekt, særleg dei som er utprega eller «breie», ofte vert erstatta. Når dei vert det, er det ofte til fordel for variantar som vert nytta i større regionale (t.d. at talemålsvariantar vert «penare», slik som bymåla ofte er) eller nasjonale område (i retning av eit «standardtalemål», t.d. austnorske dialektar som ligg tett opp mot bokmål). Denne prosessen vert kalla nivellering, og det er dette som fører til språkleg utjamning (Mæhlum & Røyneland, 2014, s. 126). Slik utjamning kan skje både regionalt og lokalt, og konsekvensen av prosessen er at dei særigne språklege trekka som gjorde at ein enklare kunne slå fast kvar ein språkbrukar kjem frå, også på det nivået at det er snakk om ei særskilt bygd eller grend, ikkje lenger er mogleg (Mæhlum & Røyneland, 2014, s. 126). Det kan hende at det er slike prosessar som gjer at talet på avvik som fell saman med både bokmål og den lokale dialekten er relativt høgt.

Dei mest høgfrequente døma som fell saman med bokmål åleine er mellom anna **hun* i staden for *ho*, **se* i staden for *sjå*, **se* i staden for *sjå* og **ble* i staden for *blei*, **kommet* i staden for *kome*, **kommer* i staden for *kjem*, **banket* i staden for *banka*. Ein finn ikkje så mange ulike døme, men desse går veldig hyppig att i tekstane. Det er gjerne verb som har *et*-ending på bokmål som førekjem i størst grad, der ein veit at det truleg kjem frå påverknad frå bokmålsbøyingar. I tilfellet med verbet *kommer* i staden for *kjem* kan det vere litt vanskelegare å vite med sikkerheit, då ein kan skrive både å *komme* med dobbel konsonant og å *kome* i infinitiv i normert nynorsk. Kanskje endar elevane dermed opp med å leggje til ei *er*-ending også her i presens fordi dei tenkjer at det går an, der den korrekte forma skal vere *kjem*. Slik fell bøyinga då saman med bokmål.

Sjølvsagt kan ein ikkje vite med sikkerheit om nokre av elevane som har skrive desse bokmålsorda også brukar desse i talemålet sitt. Men sidan denne samanfallande kategorien også er den minste, kan det kanskje indikere at sjølv om funna tyder på at elevane vert påverka av

den massive bokmåleksponeringa dei møter på nasjonalt nivå, så er det heilt klart den dialektnære skrivinga som gjev seg størst utslag i tekstane deira.

Ein annan svært stor avvikskategori elevgruppa på Vestlandet har, er kategorien som verken har samanfall med bokmål eller dialekt. Denne kategorien er ikkje like interessant når det eg ynskjer å finne ut er om elevane har avvik som botnar i påverknad frå høvesvis sidemålet bokmål eller den lokale dialekten. Likevel er denne avvikskategorien den nest største (28%), og eg vil difor drøfte nokre grunnar til kvifor det kan vere slik nedanfor, og om dette kan vere eit resultat av den fleirspråklege situasjonen elevane lever i.

Dei mest høgfrekvente døma som går att her mellom anna **in* i staden for *inn*, **vist/vis* i staden for *viss*, **gjømer* i staden for *gøymer*, **viste* i staden for *visste*, **verker* i staden for *verkar*, **tenkjar* i staden for *tenkjer*, **høyrar* i staden for *høyrer*, **visar* i staden for *viser*, **ein* i staden for *ei/eit*, **vert* i staden for *vore*, **heitar* i staden for *heiter* og **kjemer* i staden for *kjem*.

Når det gjeld avvik med *ar*-ending som vi ser mange av her, så kallar Søyland (2002, s. 13) dette fenomenet for «hypernynorsk», noko som inneber at dei prøvar å få ord til å høyrast «meir» nynorske ut. Kanskje kjem det av at dei tenkjer at ord som endar på *-ar* oftare førekjem i nynorsk enn i bokmål, og dermed legg dei inn ei slik *ar*-ending i fleire ord som eigentleg skal ende på *-er* i normert nynorsk (jf. Hellevang, 2020b; Hellevang & Helset, 2022). Dette kan sikkert vere tilfellet i dei tidlegare studiane som har vorte utførte i det nordvestlandske dialektområdet, der *e*-verb vert uttalt som *a*-verb i mange dialekter i dette området (Hellevang & Helset, 2022, s. 54). Studien min som nemnt tek føre seg elevar som snakkar ein sørvestlandsk dialekt, så skilnaden her er at dialekten høyrer til i *a*-målsområdet med *a*-ending i infinitiv og svake hokjønnsord i ubestemt form eintal. Dermed har dei eit litt anna utgangspunkt, då dei nyttar *a*-endingar meir generelt i dialekten sin, enn ungdomar som høyrer til i det nordvestlandske området. I deira tilfelle blir det i somme av verba uttalt slik at det berre er ein *-r* som vert lagt på skriftleg. Dermed kunne ein kanskje også ha plassert nokre av desse døma som samanfallande med dialekt, men i og med at desse døma ikkje er like tydeleg dømte på dialektal uttale slik som t.d. **da* i staden for *det* og **dekan* i staden for *dykk/dokker*, så har eg valt å kategorisere dei i denne samanfallande kategorien. Eit anna fenomen ser ut til å vere at det blir lagt til *-er* bak verb i presens, slik som i verbet **kjemer* i staden for *kjem*. I dette tilfellet kan det tenkjast at elevane gjerne uttaler verbet *kome* i presens som *kjeme*, og at dei slik tenkjer at det må leggjast til ein *-r* når dei skal skrive nynorsk (jf. Hellevang & Helset, 2022, s. 55).

At elevgruppa har ein så høg avviksprosent som verken botnar i påverknad frå dialektal skrivning eller frå bokmål, gjev oss kanskje eit større inntrykk av elevane sin totale normkompetanse, og syner at å ha kontroll på dei ulike formene innanfor rettskrivinga er vanskeleg for dei. I tidlegare rettskrivingsstudiar (t.d. Helset, 2021, Hellevang & Helset, 2022) har ikkje talet på avvik i denne samanfallande kategorien vore så stort. I eit slikt tilfelle ville det kanskje vore nyttig å ha analysert fleire skuletekstar frå andre klasser. Då kunne ein ha fått eit betre inntrykk av om denne typen avvik hovudsakleg gjeld berre for denne eine klassa, eller om det generelt er slik at elevar med nynorsk som hovudmål har ein stor del avvik dei på sett og vis «diktar» sjølve. Hadde ein hatt eit større materiale, kunne det gjere det enklare å avgjere om desse avvika kan vere eit resultat av den spesielle språkkonteksten dei lever i. Men at dei har fleire språk i sving og slik vert påverka frå fleire hald, og at dette truleg kan resultere i former som verken høyrer til i det eine eller det andre skriftspråket, er ikkje usannsynleg.

Eg vil vidare ta føre meg to av avvikskategoriane som elevgruppa på Vestlandet har ein stor del av avvika sine i. Fordi at elevane i Nord-Noreg har så få registrerte avvik i desse kategoriane, nemner eg for ordens skuld deira resultat også under resultata til nynorskelevane.

Elevane frå skulen på Vestlandet har 115 (7%) av dei totalt 1545 avvika i kategorien *Leksikon*. Dette er heile ord som vik frå rettskrivinga som t.d. **begrense* i staden for *avgrense* (for nynorskelevane) og **naudsynt* i staden for *nødvendig* (for bokmålelevane). *Leksikon* er den tredje største avvikskategorien for elevgruppa på Vestlandet, og her botnar hovudsakleg avvika i påverknad frå både bokmål og den lokale dialekten (46%). Eg repeterer nokre av dei mest høgfrekvente døma ein finn i tekstane, nemleg **man* i staden for *ein*, **kun* i staden for *berre* og **foran* i staden for *framfor*. Nesten alle stadar der nynorskorda *ein*, *berre* og *framfor* skal nyttast, skriv elevane heller **man*, **kun* og **foran*, og dette er også ord som går att svært ofte i tekstane.

Eit anna døme eg har nemnt tidlegare er ordet **shit* i staden for *skit/drit* som fell saman med både engelsk og bokmål. Sjølv om dette dømet også kan brukast i normert bokmål, og er noko ein kan gå ut i frå at ungdomen på denne staden også seier i dialekten sin, så kjem det opphavleg frå engelsk. Noko som er verdt å merke seg her, er at kategorien *Leksikon* tek føre seg avvik som verken høyrer heime i normert nynorsk eller bokmål, og då heller ikkje i engelsk. Innslag som kan botne i påverknad frå engelsk har eg ikkje valt å gå nærmare inn på i denne studien, men dei engelske innslaga har vorte registrerte i denne kategorien, og spelar ei lita rolle i kvifor denne samanfallande avvikskategorien er såpass stor.

Kanskje kan dette indikere at nynorsken ikkje berre er «under press» frå dialekt nær skrivning og majoritetsspråket bokmål, men også frå framandspråket engelsk som i stor grad også dominerer på sosiale medium. Samanliknar ein talet på leksikonavvik hjå elevgruppa på Vestlandet med elevgruppa i Nord-Noreg, finn ein at dette utgjer 5% av dei totalt 108 avvika, med det hyppigaste dialektale dømet **dems* vs. *deres*, altså førekjem det leksikonavvik relativt sjeldan i tekstane deira i motsetnad til gruppa på Vestlandet.

I den siste kategorien *Avleiing*, som tek føre seg *prefiks* og *suffiks*, er det berre elevgruppa frå Vestlandet som har registrerte avvik (3%). Eide (2020) hevdar at dialektane i Nordfjord stadig er i endring, og at trenden synest å vere å kvitte seg med dialektale særtrekk og heller nærme seg bokmål, der ei av endringane har mellom anna vore at avleiingssuffiks som ein skriv som *-leg* på nynorsk, gjerne går meir over til *-lig* i ulike dialektar. Elevane i studien min høyrer ikkje til i Nordfjord, men ein annan stad på Vestlandet. Kanskje kan ein tenkje seg at dette kan gjelde for fleire på Vestlandet også. Ein ser nemleg også døme på dette i skuletekstane mine, der dei mest høgfrekvente døma er slike *-leg* ord som **vanlig* vs. *vanleg*, **skikkelig* vs. *skikkeleg* og **sannsynlig* vs. *sannsynleg*. Ein finn også døme på andre typar avleiingsavvik som ikkje er av typen med *leg*-ending, mellom anna **tolmodighet/tolmodigheit* vs. *tolmod* og **sannheit* vs. *sanning* (desse døma kan også registrerast i kategorien *Leksikon*). På lik linje med leksikonavvika, fell også avleiingsavvika i størst grad saman med både bokmål og den lokale dialekten (58%).

Resultata syner at nynorskelevane har fleire avvik både i kategorien *Avleiing* og i kategorien *Leksikon* enn bokmåselevane har, og at avvika som dominerer i desse kategoriane fyrst og fremst botnar i påverknad frå både bokmål og den lokale dialekten. Det kan kanskje vere nokre logiske forklaringar på dette. Dei mest høgfrekvente avvika her er som nemnt ord som endar på avleiingssuffikset *-leg* der det hovudsakleg berre er ein bokstav (i) som skil måtane å skrive desse orda på i nynorsk og bokmål (**vanlig* vs. *vanleg*). Når elevane då i tillegg uttaler orda som *-li(g)* i den lokale dialekten, er det kanskje lettare gjort å skrive slike ord feil, i motsetnad til dei andre døma **tolmodighet/tolmodigheit* vs. *tolmod* og **sannheit* vs. *sanning*, der dei dialektale variantane av desse orda ligg tettare opp mot bokmålsnorma enn med nynorsknorma. Dei nynorske orda blir nok i dette tilfellet ganske framande for dei, sjølv som nynorskbrukarar.

Kanskje kan dette igjen koplust til det faktumet at nynorsken har stor valfridom, og at elevane veit dei kan nytte former av ord som ligg tettare opp mot dialekten sin. Slik det ser ut, kan det verke som om elevane har vanskar med å skilje kva for normer som skal vere innanfor

nynorskrettskrivinga. Ein veit at dei både hadde tilgang til rettskrivingsprogram i Word og til ordbøker og at dette naturlegvis har spelt ei rolle for resultata i ei viss grad. Likevel har denne klassa eit ganske høgt tal på avvik. I dette tilfellet kan det tenkjast at elevane må verte meir merksame på at ikkje alle dialektale former er tillatne. Dette kan kanskje løysast ved ei oppmoding om hyppigare bruk av ordbøker, dersom rettskrivingsprogram og stavekontroll for PC ikkje er nok. Då må elevane rett og slett ta seg tid til å slå opp ord og former som ligg innanfor nynorsknorma, og ikkje berre gå ut i frå at så mange dialektale trekk kan vere godkjende.

5.2 Avvik per 100 ord og dominerande avvikstypar i Nord-Noreg

Det som er ulikt dei tidlegare presenterte studiane i analysen frå elevgruppa på Vestlandet, er at desse har teke føre seg avvik og samanfall berre blant nynorskelevar på ulike trinn, ikkje også hjå bokmåselevar. Dette gjer det sjølvstøtt meir problematisk å skulle vise til tidlegare forskning når eg skal ta føre meg ei grundigare analyse av resultata deira.

For elevane i Nord-Noreg ligg talet på avvik på 2,9 avvik per 100 ord. Dette er betydeleg lågare enn elevgruppa på Vestlandet, noko som naturlegvis vil prege drøftinga mi. Totalt sett har denne klassa 173 avvik, der 108 av dei registrerte avvika også ser på samanfallande kategoriar. I klassa frå Nord-Noreg er det kategorien *Bøying* som dominerer, med 57 (53%) avvik, etterfylgd av kategorien *Staving* som har 46 (43%) avvik. Kategorien *Leksikon* har 5 (5%) registrerte avvik og kategorien *Avleiing* har ingen registrerte avvik (0%).

For elevane i Nord-Noreg syner dei totale resultata at avvika hovudsakleg fell saman med den lokale dialekten med heile 64 (59%) av avvika (**lik* i staden for *like*, **prøv* i staden for *prøve*). Frå fritidstekstkorpuset frå elevane i Nord-Noreg (4.2.1) ser ein også døme som har gitt seg liknande utslag i skuletekstane (**å gjør*, **å kjøp*, **å les* vs. *lese*, **treng* i staden for *trenger*, **demmes/dems* i staden for *deres*, **æ* i staden for *jeg*, **dokker* i staden for *dere*, **e* i staden for *er*, **ka* i staden for *kva*, **ska* i staden for *skal* og **nå*/**nån* i staden for *noen*).

I den største kategorien *Bøying* finn ein hjå elevklassa frå skulen i Nord-Noreg hovudsakleg avvik som er samanfallande med den lokale dialekten (75%), og her handlar det i størst grad handlar om adjektivbøying (**usikker* i staden for *usikre*, **noe* i staden for *noen* og **unik* i staden for *unike*). Som ein ser, er dei aller fleste døma som går att her adjektiv som ikkje er bøygd i fleirtal, men eintal. Ein ser denne typen avvik i stor grad i nesten alle adjektiva i tekstane. Det kan tenkjast at nokre av denne typen bøyingsavvik (**unik* i staden for *unike*, **lik* i staden for *like*) stammar frå apokopebruken i talemålet som eksisterer i området elevane i

Nord-Noreg kjem frå. Eg har tidlegare nemnt at apokopebruken tilsynelatande ikkje skal vere like sterk nøyaktig i det området der desse elevane høyrer til som i det regionale området, men at det likevel førekjem bruk av apokope her også. Det er hovudsakleg denne typen avvik som dominerer i denne klassa. Dette ser ein fleire døme på både i dei transkriberte gruppesamtalane (*å gjør* i staden for *å gjøre*, *å vær* i staden for *å være* og *å far* i staden for *å fare*, **reglan* i staden for *reglene*), i fritidstekstkorpuset (**å gjør* i staden for *å gjøre*, **å kjøp* i staden for *å kjøpe* og **å les* i staden for *å lese*) og i skuletekstane deira (**lik* i staden for *like*, **misfornøyd* i staden for *misfornøyde*, **å gjør* i staden for *å gjøre* og **å prøv* i staden for *å prøve*).

Som nemnt, skriv elevane verba i dei aller fleste tilfella også i fritidstekstane slik dei samsvar med bokmålsnorma: *å søke*, *å skrive*, *å gjøre* og *å kjøpe*. Men ein finn også nokre av dei same døma og liknande på verb skrive med apokope i infinitiv. Dette stemmer overeins med korleis dialekten på den aktuelle staden er (Hansen, 1996, s. 132). Dermed kan ein med stort sannsyn gå ut i frå at det er nettopp dette dialektale språkfenomenet alle desse avvika botnar i påverknad frå, og at det tyder på at dette er dei ordformene som er vanskelegast å skilje mellom for bokmålelevane.

At så mykje som over halvparten av alle avvika til elevgruppa i Nord-Noreg fell saman med den lokale dialekten, men at ingen av avvika fell saman med nynorsk åleine, står i sterk kontrast til elevgruppa på Vestlandet som både har avvik som fell saman med den lokale dialekten og i tillegg har ein stor prosent avvik som fell saman med bokmål. Desse funna fører oss i retninga av hypotesen om at nynorskelevar vert påverka frå fleire hald enn bokmålelevar. I tillegg kan ein tolke resultatata dit at å skrive dialektalt i sosiale medium, sjølv om det er i lågare grad, kan også prege rettskrivingsdugleiken til bokmålelevar.

Vidare ser ein at 40 (37%) av avvika er verken samanfallande med den lokale dialekten eller nynorsk (**vis* vs. *hvis*, **fin* vs. *finner*). Her er det vanskelegare å finne eit mønster eller å forklare kvifor slik som hjå nynorskelevane. Dette er også fordi avvika ikkje går att i tekstane i like stor grad. Dermed kan det kanskje tenkjast at avvika her har tilfeldig oppstått denne dagen, og ikkje ein gjentakande feil elevane gjer generelt.

Ein finn fire (4%) avvik som er samanfallande med både den lokale dialekten og nynorsk (**slepp* vs. *slipper*, **dokker* vs. *dere*). At ein finn berre eitt einaste avvik som fell saman med sidemålet nynorsk og den lokale dialekten er logisk, men tankevekkjande, særleg dersom ein samanliknar det med resultatata frå nynorskelevane. Det er vanskeleg å stadfeste nøyaktig om grunnen til dette handlar om at bokmålelevane sjeldan eller nærmare aldri møter nynorsk i kvardagen, men det kan kanskje spele inn på den minimale prosentdelen innblanding av

sidemålet deira. Dermed kan ein stadfeste at desse avvika i utgangspunktet kjem av interferens frå den lokale dialekten.

Det eksisterer ingen avvik som fell saman med nynorsk åleine (0%). Årsaker til sistnemnte skal eg sjå nærmare på under det andre forskingsspørsmålet mitt.

Eg har hittil teke føre meg dei viktigaste funna i skuletekstane og drøfta nokre av dei mest openberre årsakene som kan forklare desse resultata. Dette vil eg drøfte vidare i det andre forskingsspørsmålet, som altså er som fylgjer: *Kva for likskapar og ulikskapar i skrivemønster og skrivedugleik finn vi mellom nynorskelevane på Vestlandet og bokmåselevane i Nord-Noreg, og kva kan forklare desse likskapane og skilnadene?*

5.3 Skilnadar og likskapar mellom gruppene og eventuelle årsaker til dette

I tidlegare studiar som har teke føre seg nynorskungdom sin rettskrivingsdugleik, har resultata synt at ein stor del av normavvika ein finn kan resultere i interferens frå dialekt grunna hyppig dialektal skriving på fritida (jf. t.d. Helset & Brunstad, 2020; Helset, 2021). Då kan ein kanskje gå ut i frå at det same kan gjelde for elevane andre stadar i landet, sjølv om dei skriv på eit anna hovudmål og snakkar ein annan særeigen dialekt.

Trass ulike utgangspunkt, finn ein likskapar mellom gruppene, men òg store skilnadar. Den største og viktigaste skilnaden mellom gruppene er fyrst og fremst at talet på avvik per 100 ord varierer i så stor grad, der elevklassa frå skulen på Vestlandet har 5,3 avvik meir per 100 ord enn elevklassa i Nord-Noreg. Altså ser vi også i studien min at ein finn mykje færre avvik per 100 ord hjå bokmåselevane (2,9) enn hjå nynorskelevane (8,2). Desse store skilnadane er også i tråd med dei tidlegare nemnte studiane som gjort liknande funn (Matre et al. 2011; Skjelten, 2013; Bjørhusdal & Juuhl, 2017).

Store skilnadar finn ein ikkje berre når det kjem til kor mange avvik ein finn per 100 ord, men også når det gjeld kva typar av avvik som dominerer. Resultata mine syner at det hovudsakleg er i kategoriane *Staving* og *Bøying* ein finn flest avvik, både for elevklassa på Vestlandet og for elevklassa i Nord-Noreg. Desse to kategoriane er altså dei største for begge gruppene, men ein finn stor variasjon mellom gruppene også her. For det fyrste er det stavingsavvik som dominerer hjå elevklassa på Vestlandet (60%), medan det for elevklassa i Nord-Noreg er bøyingsavvik ein finn aller flest av (53%).

Vi veit av spørjeskjema og fritidstekstane at elevane på Vestlandet skriv på dialekt eller dialektnært i mykje større grad enn elevane i Nord-Noreg. Dette kan kanskje vere med på å

forklare skilnadane ein ser mellom gruppene her. Både fordi elevgruppa på Vestlandet har avvik som har heilt klare dialektale trekk (**da* i staden for *det*, **hennas* i staden for *hennar*), men også avvik som er knytt til dobbel konsonant (**att* i staden for *at*, **nokk/*nokke/*nokken* i staden for *nok/noko/nokon*, **sitt* i staden for *sit* og **sett* i staden for *set*) som går veldig hyppig att. Begge desse typane av avvik er registrerte under stavingsavvik.

Eg har med utgangspunkt i andre studiar (m.a. Hellevang & Helset, 2022, s. 58) valt å kategorisere avvik knytt til dobbel konsonant som samanfallande med dialekt. Dette fordi den dialektneare skrivinga til vestlandsungdommen ser ut til å vere preg av å vere lydrett. Dette viser seg i form av ei konsonantfordoblingane på slutten av døma eg nemnde ovanfor.

Bøyingsavvika til elevane i Nord-Noreg er som nemnt hovudsakleg knytt til adjektivbøyingar (**lik* i staden for *like*, **unik* i staden for **unike*), og ein kan som nemnt gå ut i frå at det oppstår grunna apokopebruken i den lokale dialekten deira. Det ser iallfall ut til å vere her «skoen trykkjer mest» når det kjem til vanskar med å skilje ut dialektale former. Elevane i Nord-Noreg skriv som nemnt på dialekt i lågare grad enn elevane på Vestlandet. Dette kan vere ein vesentleg grunn til kvifor ein kanskje verken finn like mange eller varierte typar av avvik hjå dei.

Trass ulike hovudmål, så har elevgruppene ein viktig ting til felles, nemleg at dei begge er dialektbrukarar og snakkar eit talemål som i større eller mindre grad skil seg frå hovudmålet deira. Dette er eit aspekt som skil seg frå tidlegare studiar og som kanskje kan gje ei endå betre forståing av kvifor det gjerne er slik at nynorskelevar har fleire avvik enn bokmåselevar (jf. Matre et al. 2011; Bjørhusdal & Juuhl, 2017). Dette fordi elevane har eit utgangspunkt som er betydeleg likare enn dersom ein t.d. skulle ha sett på bokmåselevar frå ein stad på Austlandet der det lokale talemålet ligg tettare opp mot skriftspråket.

Sjølv om eg har kategorisert normavvika i fleire hovudkategoriar og samanfallande kategoriar, har det i mitt tilfelle vore mest interessant å finne ut om avvika resulterer i interferens frå elevane sitt sidemål eller eigen dialekt. Sidan elevane frå skulen på Vestlandet har nynorsk som hovudmål, ser dei samanfallande kategoriane som nemnt slik ut: 1. *Bokmål*, 2. *Dialekt*, 3. *Bokmål og Dialekt*, 4. *Verken Bokmål eller Dialekt*. For bokmåselevane i Nord-Noreg har sjølvsagt bokmål vorte bytta ut med nynorsk, og dermed ser det slik ut: 1. *Nynorsk*, 2. *Dialekt*, 3. *Nynorsk og Dialekt*, 4. *Verken Nynorsk eller Dialekt*.

Som vi såg i resultatkapittelet mitt og i drøftinga av fyrste forskingsspørsmålet, så er det avvik samanfallande med den lokale dialekten som dominerer i begge gruppene når ein ser på det totale materialet. Hjå elevklassa på Vestlandet gjeld dette 527 (34%) avvik av dei totalt 1545

avvika. For elevklassa i Nord-Noreg gjeld dette 64 (59%) avvik av totalt 108 avvik. Dette står i motsetnad til tidlegare forskning der resultatane har synt at ein stor del av avvika er samanfallande med dialekt, men likevel ikkje er den største kjelda til påverknad (Helset & Brunstad, 2020, Helset, 2021; Hellevang & Helset, 2022). Noko anna som skil studien min frå desse tidlegare nemnte studiane, er at dei har sett på rettskrivingsdugleiken til elevar som veks opp ulike stadar i det nynorske kjerneområdet, og ikkje på to elevgrupper som har ulike hovudmål og som begge snakkar ein særeigen dialekt. Kva kan det fortelje oss at avvika til begge elevgruppene ikkje berre fell saman med den lokale dialekten i ei viss grad, men dominerer i begge gruppene?

Mellom anna gir det kanskje indikasjonar på at hypotesen om at digital dialektal skriving på fritida kan påverke rettskrivingsdugleiken til elevar i ulik grad, kan stemme. På denne måten kan kanskje forskinga mi synleggjere at normavvik som botnar i påverknad frå dialekt kan i stor grad gjelde for elevar som snakkar ein særeigen dialekt (ein som skil seg i større grad frå hovudmålet) meir generelt. Dermed ser ein at dette kan gjelde anten elevar har nynorsk eller bokmål som hovudmål. Resultata syner at avvik som kan botne i påverknad frå dialekt ikkje berre er eit fenomen typisk for elevar i det nynorske kjerneområdet, men også andre stadar.

Ikkje berre har klassene til felles at avvika deira i størst grad fell saman med den lokale dialekten, dei har også den nest største samanfallande kategorien til felles, der avvika ikkje fell saman med nokon av delane, altså verken hovudmålet deira eller den lokale dialekten. Dette kan kanskje fortelje oss noko om korleis stoda er med 9.-klassingar si rettskrivingskompetanse i dag, uavhengig av kvar i landet ein kjem frå. Også her er det ganske tydelege skilnadar mellom gruppene, der elevgruppa på Vestlandet atter ein gong kjem dårlegast ut. Kva kan dette seie oss?

Kan dette indikere at det generelt blir produsert for lite eigen tekst på hovudmålet i dag i settingar der elevane berre har seg sjølve og eigne rettskrivingsdugleikar? Kan det vere tilfellet at nynorskungdom (også ungdom generelt) i skulesamanhengar utanom heildagsprøver, der gjerne talet på hjelpemiddel er avgrensa, googlar i større grad enn før, nyttar kunstig intelligens, klipper og limer inn? Dersom dette er tilfellet, så har dei truleg ikkje ei like vaken og kritisk haldning verken når det gjeld innhald eller med tanke på språk. Dersom det er slik mykje av nynorskskrivinga i skulesamanheng går føre seg, og det hovudsakleg er på dialekt dei skriv på fritida, er det kanskje ikkje så uventa at det dei sjølve forfattar vert dialektprega, og at konsekvensen av dette er at nynorskkompetansen blir jamt dårlegare.

Funna kan kanskje også delvis indikere at særleg nynorskelevane, men også bokmålelevane i Nord-Noreg, ikkje er heilt trygge på kva former som er innanfor og utanfor

rettskrivinga. At dette kan opplevast vanskeleg når der er så mange valfrie former i begge skriftspråka, trur eg kanskje i størst grad gjeld for nynorskelevane, då ein ser at døma i denne samanfallande kategorien ofte er bøyning av verb som endar opp med å høyre meir nynorsk ut enn det er, også kalla «hypernynorsk» (jf. Søyland, 2002), i tillegg til at dei har avvik som botnar i påverknad frå fleire kategoriar. For elevane i Nord-Noreg kan det verke som om avvika registrerte i denne kategorien er meir tilfeldige, sidan dei også er færre og ikkje gjennomgåande i skuletekstane på same måten som hjå nynorskelevane på Vestlandet.

Ein annan stor skilnad mellom gruppene, er at det for elevklassa på Vestlandet er mange avvik å finne i *alle* dei samanfallande kategoriane, altså i *Staving* (60%), i *Bøyning* (30%), i *Avleiing* (3%) og i *Leksikon* (7%), medan det for klassa i Nord-Noreg hovudsakleg er i kategoriane *Bøyning* (53%) og *Staving* (46%) ein finn registrerte avvik. I kategorien *Leksikon* finn ein berre fem registrerte avvik (5%) og i kategorien *Avleiing* finn ein ingen avvik (0%), noko eg tok føre meg tidlegare i kapitlet.

Nynorskelevane har altså i motsetnad til elevane i Nord-Noreg både fleire avvik fordelt på dei ulike hovudkategoriane: *Staving*, *Bøyning*, *Avleiing* og *Leksikon*, samt at avvika kan plasserast i alle dei samanfallande kategoriane: *Bokmål*, *Dialekt*, *Både Bokmål og Dialekt* og *Verken Bokmål eller Dialekt*. Dette står i sterk kontrast til bokmåselevane i Nord-Noreg som ikkje eingong har registrerte avvik i alle kategoriane.

Som nemnt, finn ein heller ingen registrerte avvik som fell saman med sidemålet nynorsk åleine for bokmåselevane. Ein kan ikkje på nokon måte stadfeste at bokmåselevane i

Nord-Noreg ville hatt fleire avvik per 100 ord dersom dei hadde møtt sidemålet sitt i like stor grad som nynorskelevane møter bokmål i kvardagen sin. Dette vert vanskeleg å prove, men det er ikkje utenkjeleg at bokmåselevar som snakkar ein særeigen dialekt (som også kan ha fleire dialektale trekk som fell saman med eller ligg tettare opp mot nynorsk), kunne oppleve større forvirring når dei skal skrive korrekt på hovudmålet sitt, dersom nynorsken hadde hatt ein større og sterkare posisjon både i lokalsamfunnet deira og på nasjonal basis.

Tek ein utgangspunkt i det ein ser av resultata til elevane på Vestlandet, skal ein ikkje sjå vekk i frå at rettskrivingsdugeliken til bokmåselevar kunne ha bore større preg av nynorskpåverknad dersom elevane møtte nynorsken i kvardagen. At dette kunne ha vore tilfellet kan ein også gå ut i frå då ein ser at elevane i Nord-Noreg både har ein del avvik som fell saman med engelsk og at dei faktisk skriv på engelsk i stor grad når dei chattar på fritida (jf. spørjeskjema og fritidstekstar). Engelsk dominerer også på sosiale medium, og dersom engelske ord og uttrykk kjem til syne i norsktekstar skrivne i skulesamanheng, kan ein kanskje gå ut i frå

at tekstane ville ha vore nynorskprega dersom nynorsken var like dominerande i alle instansar og like utbreidd på sosiale medium som det bokmål og engelsk er.

Dei transkriberte gruppesamtalane og særleg fritidstekstane har gitt meg ei ypparleg moglegheit til å få eit innblikk i korleis elevane begge stadar kommuniserer med kvarandre når dei skriv i private samanhengar, og det er slik eg har kunne kartleggje dei mest høgfrequente døma på dialektal uttale som bryt med rettskrivingsnormene i dei to ulike hovudmåla. Dette har vi no sett gir seg utslag i avvik i skuletekstane deira.

I fritidstekstkorpuset til elevane i Nord-Noreg, finn ein fleire fraser som både går føre seg både på engelsk og på bokmål, noko elevane der også rapporterte at dei gjorde i stor grad (jf. 4.2.1). Dermed stemmer sjølvrapporteringa på kva for språk eller dialekt dei nyttar når dei brukar ulike sosiale medium betre overeins med det ein faktisk ser i korpuset, enn det gjer for elevane frå Vestlandet. Elevane på Vestlandet rapporterte i spørjeskjemaet (jf. 4.1.1) at dei skriv dialekt eller dialektnært i stor grad på fritida, men også at dei nyttar bokmål og engelsk, men dette ser ein ikkje i desse fritidstekstane. Dette kan sjølv sagt også vere tilfeldig for akkurat desse fritidstekstane som vart samla inn, men dersom ein går ut i frå at det ein ser av begge elevgruppene sine fritidstekstar stemmer med korleis fleirtalet av elevane kommuniserer med kvarandre på fritida, så indikerer dette at der eksisterer nokre skilnadar mellom gruppene også når det kjem til bruken av dialekt i sosiale medium.

At elevgruppa i Nord-Noreg også faktisk brukar både bokmål og engelsk når dei kommuniserer på ulike sosiale medium, kan nok også prege resultata til ei viss grad. Sjølv om avvik som fell saman med den lokale dialekten dominerer i begge gruppene, syner både eigenrapporteringa og fritidstekstane at elevane på Vestlandet skriv dialekt eller dialektnært i mykje større utstrekning enn dei gjer i Nord-Noreg. I Nord-Noreg førekjem det faktisk både engelsk og bokmål i fritidstekstane i motsetnad til hjå elevane på Vestlandet. Tilsynelatande skriv elevane i Nord-Noreg dermed oftare på hovudmålet sitt i private samanhengar. Dette gjev dei naturlegvis mengdetrening på ein annan måte enn nynorskelevane på Vestlandet der skrivinga hovudsakleg går føre seg på dialekt.

Avvikskategorien *Andre typar* avvik tek ikkje føre seg samanfall. Difor vil eg ikkje sjå i detaljar på denne kategorien, men den er likevel ein viktig del av resultata mine. Kategorien tek som nemnt føre seg *særskrivning*, *samskriving*, *blanding av og/å*, *blanding av stor/liten førebokstav* og *tastefeilar*. Medan nynorskelevane har mange fleire avvik per 100 ord, og har registrerte avvik i alle dei ulike hovudkategoriane og i alle dei samanfallande kategoriane, ser derimot ein stor del av avvika til elevane i Nord-Noreg ut til å vere av typen *Andre typar avvik*.

Når ein ser på det totale materialet syner resultatane at elevane på Vestlandet har 454 (23%) av 1999 avvik totalt i denne kategorien, medan elevane i Nord-Noreg har 65 (38%) av totalt 173 avvik i denne kategorien.

Kompetansemålet i norsk etter 10. trinn seier at elevane mellom anna skal kunne «skrive tekstar med ... riktig teiknsetjing» (Utdanningsdirektoratet, 2020). Det høge talet på avvik i denne kategorien i mi undersøking tyder derimot på at elevane ikkje er i nærleiken av å meistre dette.

Eg har tidlegare nemnt studien av Helset & Brunstad (2020, s. 108) som syner at elevar som har nynorsk som hovudmål er medvitne om at ulike skrivesituasjonar krev ulike språklege normer, og at dei tilpassar måten dei skriv på avhengig av situasjonen, kven som er mottakaren og på kva for sosiale medium det vert skrive. Same studien syner likevel at nynorskungdom driv med skriftspråkleg veksling mykje meir enn dei som har bokmål som hovudmål. At nynorskelevane er medvitne om at ulike skrivesituasjonar krev ulike språklege normer, er ikkje det same som at dei faktisk klarer å skilje ut dialektale former og bokmålsformer som dei gjerne brukar når dei skriv på sosiale medium, når dei skal skrive korrekt nynorsk. Dette kan også resultatane mine indikere, sidan ein ser at elevane har ein så stor avviksprosent.

For klassa i Nord-Noreg derimot, kan resultatane tyde på at elevane betre klarer å skilje mellom ulike skrivesituasjonar, men det kan også vere andre faktorar som spelar inn på kvifor elevklassa i Nord-Noreg har ein lågare avviksprosent totalt. Det som også truleg spelar inn her, er at bokmålelevar har den fordelan at dei møter hovudmålet sitt i svært stor grad då bokmål dominerer på nasjonalt nivå. Ein skal ikkje sjå vekk i frå at dette gjer det enklare å meistre hovudmålet sitt. Ikkje på den måten at talemålet og skriftspråket ein nyttar ligg tettare opp i mot kvarandre, slik det vil vere for mange bokmålelevar på Austlandet, men fordi elevane i Nord-Noreg ikkje er under like stor språkleg påverknad frå så mange ulike hald. Ser ein vekk i frå engelsk, som også i stor grad dominerer på sosiale medium i dag, møter bokmålelevane i

Nord-Noreg nynorsk minimalt. Det vesle dei møter nynorsk i kvardagen er på ingen måte nok til at det påverkar måten dei skriv på, i motsetnad til nynorskelevane som sjeldan møter hovudmålet sitt andre stadar enn på skulen og i lokalsamfunnet.

Somme nynorskbrukarar nyttar gjerne meir konservative former for nynorsk. Det kan sjølvsagt vere ulike årsaker til at ein vel å gjere dette. Eg har tidlegare nemnt at det både kan vere av ideologiske årsaker og for å uttrykkje identitet. Kanskje er det til og med fordi det gjer det enklare å skrive korrekt på begge målformene. Det at normeringsprosessane har ført dei to skriftspråka nærare kvarandre, er nødvendigvis ikkje nokon fordel. At norske elevar, uansett

kvar dei bur, skal ha opplæring i og meistre begge skriftspråka (Kunnskapsdepartementet, 2019, s. 9), som også er så nærskylde, er heilt unikt for Noreg. Som nemnt, vert denne situasjonen også sett på som krevjande, fordi det nemleg kan verte vanskelegare å skilje dei. Å vite kva for normer som er innanfor og utanfor rettskrivingsnorma i to så nærskylde skriftspråk er definitivt ikkje uproblematisk. Det gjer det heller ikkje enklare at begge skriftspråka i tillegg har stor valfridom.

Dette kan nok også overførast til munnleg tale i møte med skriftspråket sitt. Elevane i Nord-Noreg er nemleg i den posisjonen at dei snakkar ein dialekt som kanskje skil seg frå hovudmålet sitt i noko større grad enn på Vestlandet der spennet mellom talemålet og hovudmålet er mindre. Iallfall kan det verke som om elevane sjølv opplever det slik, noko som kjem fram av spørjeskjemaet der fleire av elevane hadde oppgitt at dei faktisk *snakkar* nynorsk. Kan dette indikere at elevane ikkje er heilt klare over tale- og skriftspråksituasjonen vi har i Noreg, sidan dei sjølv hevdar at dei snakkar hovudmålet sitt? Kanskje treng dei å verte meir merksame på det faktumet at sjølv om der eksisterer ganske mange fellestrekk med nynorsk i dialekten deira, er den på ingen måte identisk med normert nynorsk.

Som eg har vore inne på, er det ikkje slik at *alle* dialektneære former er tillatne. Det er nok viktig at særleg nynorskelevane får ei betre forståing av valfridomen i hovudmålet sitt, og at dei rett og slett må lære seg eit sett med reglar for kva som er mellom «lovlege» og «ulovlege» dialektneære former.

Resultata mine kan kanskje tolkast dit at nynorskelevane rett og slett er meir forvirra når dei skal skrive normert nynorsk, og strevar på fleire område, medan bokmåselevane har betre kontroll. Kan dette botne i dei ulike språklege kontekstane elevane lever i, som denne oppgåva har eit særleg søkjelys mot?

Nynorskelevar har rett og slett press frå fleire hald enn bokmåselevar. Hovudmålet deira er eit minoritetsspråk, dei som veks opp med nynorsk som hovudmål og møter det hovudsakleg berre på skulen og i lokalsamfunnet sitt. I tillegg er dei dialektbrukarar og snakkar ein dialekt som ligg nær nynorsken i ei viss grad. Skrivninga til nynorskungdommen går også føre seg på dialekt i sosiale medium, og dei møter maktspråket (jf. Bourdieu, 1991) bokmål, som dominerer på nasjonal basis. Ikkje minst møter dei bokmålet også i skulen. Nynorskelevane strevar kanskje i større grad på grunn av den omfattande språklege konteksten dei er ein del av. Det er nok ikkje usannsynleg at alle desse faktorane kan prege rettskrivingsdugleiken deira. Sjølv om det sjølvsagt går an å meistre fleire språk og ulike språksituasjonar, er det ikkje unaturleg å tenke

at det kan verte meir problematisk slik stoda er, noko resultata til elevane på Vestlandet kan tyde på.

Bokmåselevane i Nord-Noreg lever ikkje i ein like kompleks og på sett og vis kaotisk språksituasjon som nynorskelevane på Vestlandet gjer. Dei møter hovudmålet sitt i skulen og på nasjonal basis, men snakkar og skriv dialekt på fritida. I tillegg skriv dei tilsynelatande meir bokmål på fritida også i det som kjem fram av fritidstekstane, i motsetnad til nynorskelevane. Dette kan nok ha prega resultata deira, og vere med på å forklare det relativt låge talet på avvik hjå elevane i denne klassa.

Dersom dette er tilfellet, kan det kanskje indikere at elevar har godt av mengdetrening i skriftspråket sitt. Det er altså ikkje nok med nokre få stilar i året, der fokuset faktisk er på rettskriving og der elevane er nøydde til å leggje inn ein større innsats. Nynorskelevar skriv naturlegvis på nynorsk også i andre teoretiske fag, men her er det innhaldet som tel, og ein legg naturlegvis ikkje like mykje vekt på rettskriving eller riktig teiknsetjing som på ein norsktentamen.

Sjølv om elevane i Nord-Noreg også har nynorskundervisning på skulen, er nok talet på undervisningstimar truleg for lågt til å kunne hevde at bokmålskunnskapane deira blir dårlegare på grunn av dette – noko ein også kan tolke ut i frå dei registrerte avvika, der ingen av desse fell saman med nynorsk åleine. Altså blir rettskrivingskunnskapane deira i størst grad utfordra frå eitt hald, nemleg dialekt nær skriving. Sjølv om elevane i Nord-Noreg skriv på dialekt på fritida i mindre grad enn elevane på Vestlandet, så syner resultata at tekstane deira ber preg av dialekt nærre former i stor grad.

Fordi at situasjonen for bokmålsbrukarane i Nord-Noreg er ulik situasjonen til nynorskelevane på Vestlandet, så kan ein kanskje tenkje at å samanlikne funna frå elevklassa i Nord-Noreg med tidlegare studiar gjort på nynorskelevar verkar irrelevant. Det kan hende at den beste måten å finne ut om elevar med bokmål som hovudmål vert påverka av dialektal skriving på fritida, hadde vore ved å samanlikne rettskrivingskunnskapane til bokmåselevar som snakkar ein særeigen dialekt med rettskrivingskunnskapane til dei som snakkar ein bokmålsnær dialekt.

For studien min er funna frå elevklassa i Nord-Noreg både interessante i seg sjølv, men også fordi dei kan vere med på å belyse språksituasjonen til nynorskbrukarane på Vestlandet. Dette fordi dei tilsynelatande viser oss at stoda er vesentleg meir omfattande og kritisk for nynorskbrukarar enn for bokmålsbrukarar på dette årstrinnet.

Ein veit av forskning at jenter jamt over gjer det betre i skulesamanheng enn gutar. Det har ikkje blitt gjennomført mange studiar som undersøker skilnadar mellom kjønna når det kjem til normtryggleiken i nynorsk eller bokmål, men ein veit at jenter ofte skårar høgare i teoretiske fag, inkludert språkfaga (Brekke, 2007). Tidlegare rettskrivingsstudiar har ikkje hatt hovudfokus på skilnadar og likskapar mellom jenter og gutar, men i resultata nemner gjerne kor stor skilnaden mellom kjønna er når det kjem til avvik per 100 ord. Mellom anna finn ein i studien til Helset (2021, s. 20) at av totalt 83 tekstar, der 38 var skrivne av gutar og dei resterande 46 var skrivne av jenter, hadde gutane gjennomsnittleg 5,5 avvik per 100 ord, medan jentene hadde 3,7 avvik per 100 ord i gjennomsnitt. Dette indikerer at jentene presterer langt betre enn gutane i rettskrivingsdugleiken. Eg har ikkje valt å grundigare undersøkje skilnadar i

rettskrivingsdugleik mellom gutane og jentene i studien min, og kva som faktorar som kan forklare dette, men eg vil likevel nemne dei viktigaste funna frå begge elevgruppene i studien min.

Skuletekstane til elevane på Vestlandet har som nemnt eit omfang på 26484 ord. Frå elevklassa frå Vestlandet har gutane eit omfang på 14542 ord i skuletekstane, medan jentene ligg på 8816 ord. Deler ein inn klassene etter kjønn så har vi tolv gutar og sju jenter frå skulen på Vestlandet. Her viser funna mine at snittet til gutane frå skulen på Vestlandet ligg på 8,9 avvik per 100 ord, medan resultatet for jentene ligg på 7,8 avvik per 100 ord. I tillegg finn ein i klassa frå Vestlandet også to elevar som identifiserer seg som noko anna enn jente/kvinne og gut/mann, og går derfor under kategorien «anna» og er difor ikkje med i denne utrekninga.

For elevgruppa i Nord-Noreg ligg det totale omfanget ord på 13177. Her er det jentene som har størst omfang ord samla sett, med 8267 ord, medan gutane har 4910 ord. Denne klassa består av åtte gutar og ti jenter. For gutane frå skulen i Nord-Noreg ligg snittet på 5,1 avvik per 100 ord, medan jentene har eit avvik på 1,1 per 100 ord. Denne differansen stemmer ikkje nøyaktig, men betre overeins med Helset (2021, s. 20) sine resultat der gutane hadde 5,5 avvik per 100 ord, medan jentene hadde 3,7 avvik per 100 ord i gjennomsnitt. For gutane ser ein ganske like resultat, men hjå jentene er differansen tydeleg høgare.

At nynorskelevane frå Vestlandet har så låg differanse mellom kjønna kan sjølvsagt vere heilt tilfeldig for denne klassa. I og med at dei fleste rettskrivingsstudiar som også nemner skilnadar mellom kjønna oftast finn ut at jentene har betydeleg færre avvik, så kan det iallfall sjå ut til å vere ein tendens at ein finn fleire normavvik hjå gutar enn jenter i rettskrivingsstudiar.

Samanliknar ein resultata med eigenrapportert skrivekunne, ser ein av spørjeskjemaet (4.1.1) at tolv av 17 elevar rapporterte at dei kjende seg ganske trygge på rettskrivinga i nynorsk.

Dette gjaldt heile sju av åtte jenter, der den siste rapporterte at ho verken kjende seg trygg eller utrygg. Av gutane var det tre som meinte dei var svært trygge på rettskrivinga og fire som kjende seg ganske trygge.

Det vi skjønner av denne eigenrapporteringa når ein også veit kor mange avvik dei har per 100 ord er at om lag alle elevane, uavhengig av kjønn, rapporterer at dei kjenner seg tryggare på rettskrivinga enn dei egentleg er. Særleg gutane rapporterer at dei er mykje tryggare enn resultatane faktisk syner.

Elevane frå elevklassa på Vestlandet fekk også moglegheita til å rapportere kva dei synest er vanskelegast når dei skal skrive korrekt på hovudmålet sitt. Her rapporterte flest jenter (3) at dei har størst vanskar med å skilje nynorsk frå bokmål, medan flest gutar (2) har størst vanskar med å skilje nynorsk frå dialekt. Dei fleste (8) svarte at dei ikkje veit. Vi veit av resultatane at begge kjønna slit i størst grad med å skilje nynorsk frå dialekten sin. Dermed syner rapporteringa her jamført med dei faktiske resultatane at elevane har eit lite medvite forhold til ulike moglege påverkningsfaktorar.

I spørjeskjemaet frå Nord-Noreg (4.2.1) ser ein av elevane si eigenrapportering at av dei 22 elevane, er det sju jenter og fire gutar som kjenner seg svært trygge på rettskrivinga i bokmål. Seks gutar og fire jenter kjenner seg ganske trygge, og éin gut kjenner seg verken trygg eller utrygg. Når ein samanliknar sjølvrapporteringa med resultatane, stemmer det overeins for jentene sin del, men ikkje for gutane. Elevgruppa i Nord-Noreg svarte som nemnt ikkje på kva dei synest er vanskelegast når dei skal skrive korrekt på hovudmålet sitt. Likevel kan ein kanskje tenkje seg til kva svare ville ha vore dersom dei skulle vurdere kva som skapar vanskar for dei i størst grad når dei skal skrive korrekt bokmål.

Det ser ein av dei samla resultatane er at bokmålelevane, uavhengig av kjønn, ikkje berre har betre kontroll på eigne rettskrivingskunnskapar, men dei har òg ei meir nøyaktig sjølvrapportering enn nynorskelevane.

6. Avslutning

Situasjonen er altså slik at stoda er vesentleg verre for nynorskelevane når det kjem til rettskrivingsdugleiken i eige hovudmål. Dette er også i tråd med forventningane og det ein har sett av tidlegare forskning (Matre et al. 2011; Skjelten, 2013; Bjørhusdal & Juuhl, 2017). I og med at det er nettopp klassa frå Vestlandet som har flest avvik også i min studie, er det kanskje

naturleg at hovudfokuset vert retta mot nynorskelevane med spørsmålet: Kva tiltak kan ein setje inn for å tryggje og heve språkdugleiken deira?

Elevane på Vestlandet lever under eit større språkleg press, og i ein endå meir unik språkleg kontekst enn dei i Nord-Noreg. Nynorskbrukarane allereie har eit mykje dårlegare utgangspunkt for å kunne meistre hovudmålet sitt ved at er ein minoritet. Å vere ein minoritet i seg sjølv gjer ein naturlegvis meir sårbar i utgangspunktet, i tillegg til at skriftspråket ein nyttar er truga frå fleire hald: frå dialekt nær skriving på chatteappar i ulike sosiale medium, frå fleirtalsspråket bokmål som dominerer totalt på landsbasis og i tillegg frå verdsspråket engelsk som dei både møter i skulen og som også dominerer på sosiale medium. Dette kan truleg vere fleire av årsakene til at elevar som har bokmål som hovudmål har mindre normavvik enn elevar som har nynorsk som hovudmål.

Resultata frå elevgruppene, begge stadar, kan òg vere med på å skape ei bevisstgjerjing rundt digital dialektal skriving. Dersom ein er dialektbrukar kan dette vere problematisk, uavhengig av kva for skriftspråk ein har. For å finne ut meir om dette må det utførast andre studiar som tek føre seg normavvik hjå bokmålelevar som også snakkar andre særneigne dialektar som i større grad skil seg frå hovudmålet. Slik forskning ville vore interessant særleg dersom ein samanliknar dette med elevar som snakkar ein bokmålsnær dialekt.

Ein kan ikkje på nokon måte prove at funna i studien min gir konkrete bevis på at bokmåls eksponering og dialektal skriving på fritida er årsaker som er med på å svekkje elevane sine rettskrivingskunnskapar. Dei kan likevel vere eit indisium på om det eksisterer ein samanheng mellom dialekt nær skriving på sosiale medium og evne til å kunne skrive korrekt på hovudmålet sitt.

Det går nemleg an å skrive korrekt på hovudmålet sitt sjølv om ein driv med skriftspråkleg veksling i stor grad på fritida. Fleire studiar (m.a. Helset & Brunstad, 2020; Helset, 2021) har mellom anna synt at elevane er klare over at ulike skrivesituasjonar krev ulike språklege normer. Men ein kan kanskje lure på kor enkelt det faktisk er for dei når ein ser at nynorskelevane på Vestlandet har så mange fleire avvik per 100 ord enn bokmålelevane i Nord-Noreg, i tillegg til at ein finn registrerte avvik i kvar hovudkategori og i kvar samanfallende kategori, noko som står i sterk kontrast til bokmålelevane i Nord-Noreg som i hovudsak har to typar samanfallende avvik: dialektale avvik eller avvik som ikkje fell saman med noko. Elevane i Nord-Noreg er ikkje påverka av nynorsk på same måten som nynorskelevane er påverka av bokmål, og dei få døma ein har sett på dette, er at desse tilfeldigvis fell saman med dialekt nær innslag, men ikkje nynorsk åleine.

Ein veit at nynorskungdom driv med skriftspråkleg veksling i sosiale medium (jf. Helset & Brunstad, 2020; Helset, 2021) der dei både skriv nynorsk, bokmål og dialekt om kvarandre. At dei driv med dette i så stor utstrekning, meir enn dei skriv nynorsktekstar på skulen, så er det ikkje overraskande at rettskrivingskunnskapane deira er mindre stabile. Noko det herskar liten tvil om, er at ein ikkje blir dyktig i noko ein ikkje driv mykje med eller øver mykje på, same kva det måtte gjelde. Slik kan det også vere for rettskriving. Mengdetrening set seg i hjernen. Skriv ein dialekt på ulike sosiale medium til ei kvar tid, er det større sjanse for at det same språket umedvite dukkar opp i all type tekstproduksjon. Resultata syner at stor bruk av dialektale ord ser ut til å festa seg, og bakkdelen ved dette er at det kanskje er med på å gjere elevane meir usikre, noko som igjen fører til slurv.

Dersom ein også går ut i frå at ungdom som veks opp i det nynorske kjerneområdet har størst tilgang på og les meir litteratur på bokmål, og at dette vert avspegla i rettskrivinga deira, så kunne det kanskje ha hatt same effekten dersom dei hadde lest like mykje på nynorsk, noko dei som nemnt truleg ikkje gjer. Dersom dei hovudsakleg berre les nynorsk på skulen, men les og høyrer bokmål på fritida og samstundes skriv hovudsakleg på dialekt, så seier det seg sjølv at nynorsken kjem i aller siste rekke. Ein veit at det ein sjølv oppsøker eller vert utsett for også påverkar ein i størst grad. Høgst truleg les, skriv eller høyrer nynorskelevar i alt for låg grad på hovudmålet sitt, og det er hovudsakleg dialekt, bokmål og engelsk som vert lese og skrive. Dette vil naturlegvis kunne ha innverknad på dei totale skrivekunnskapane, same kva for eit hovudmål det gjeld.

Snur ein på det, kan ein seie at nynorskelevar har den fordelan at dei vert utsett for bokmål i så stor grad at det gjev meistring i sidemålet utan særleg stor kognitiv innsats. Noko som kan støtte opp under dette argumentet kan kanskje vere å sjå på sidemålskarakteren til nynorsk- og bokmålelevar. Dersom det er tilfellet at nynorskelevar har minst like god eller til og med betre karakter i sidemålet sitt enn bokmålelevane har i nynorsk eller eige hovudmål, kan det nok stadfeste at elevar vert flinkast i det dei høyrer og les mest.

Her er stoda heilt annleis for bokmålsbrukarane i Nord-Noreg. Dei opplever hovudmålet sitt som eit mykje meir framandt språk (som av og til har innslag av dialektale ord dei kjenner att frå eigen dialekt). Skal bokmålelevar verte like flinke i nynorsk som nynorskelevane er i bokmål *utan* at det må leggjast inn store ressursar eller stor kognitiv innsats, må det kanskje til ei generell endring av den språkkulturen og dei språkstrukturane som eksisterer i samfunnet i dag, i alle instansar.

Det er sjølvsagt svært uheldig både for elevane sjølve, men også for nynorsken, om resultatet av dette blir at elevar ofte byter hovudmål når dei startar på vidaregåande (Gunnerud, 2016). Det er nemleg manglande normkompetanse i nynorsk som er hovudårsaka til at dei gjer det, og slik mister nynorsken brukarane sine til fordel for bokmålet. På den andre sida kan ein kanskje seie at denne skriftspråklege vekslinga ungdom har føre seg, anten dei kjem frå det nynorske kjerneområdet eller frå andre stadar i landet der det vert snakka ein dialekt som skil seg frå bokmål, er positiv. Forsking hevdar nemleg at denne vekslinga innanfor den norske språkkulturelle konteksten, gjer at nynorskungdom kan bli sett på som fleirskriftlege (jf. Brunstad, 2018; Vangsnes, Söderlund & Blekesaune, 2017).

Dersom ein ser på både nasjonal og internasjonal forskning, finst der indisia på at å vere tospråkleg kan gi ein fleire kognitive fordelar. Dette har mellom anna forskarar ved UiT Norges Arktiske Universitet forska på, og funne at å vere bilingval mellom anna endrar hjernen sin funksjon, og dette også kan verne hjernen mot aldring (Bludd, 2022). I andre studiar er det gjort forsøk på å undersøkje om ein kan finne noko tilsvarende ved å vere bi-dialektale, altså variantar av same språket, t.d. det å meistre både bokmål, nynorsk og dialekt, og om dette også kan gi ein visse kognitive fordelar. Forskinga mi seier ikkje noko som stadfester eller avkreftar dette, men påpeikar likskapar ein finn mellom elevar frå ulike språklege kontekstar. Dermed kan det også rette søkjelyset mot kva som skal til for å heve språkkompetansen, særleg for nynorskbrukarane som ser ut til å slite i større grad.

For det andre, kan denne språkvekslinga, og særleg den dialektale, vere positiv på den måten at det bidreg til eit levande og mangfaldig språk. Å snakke og skrive dialekt er ein måte å uttrykkje identitet og vise lokal tilhørsle, slik eg har vore inne på. Sjølv om denne dialektale skrivinga (i første omgang kanskje trugar nynorsken og i neste omgang elevane sine rettskrivingskunnskapar), så må vi hugse at nynorsken byggjer på dialektane. Å skrive på dialekt er også ein måte å halde på dialekten sin, og slik tek ein i større grad vare på Aasen sin arv enn om folk flest valde å skrive på bokmål i sosiale medium. Dersom alternativet for mange (særleg den yngre garde) er å nytte bokmål når dei skal uttrykkje seg sjølve i sosiale medium, er kanskje dialekt nær skriving å føretrekke, sjølv om begge delar naturlegvis er uheldig for nynorsken.

Eg har tidlegare nemnt Bjørhusdal & Juuhl (2017) sin studie på avvik frå nynorsknorma blant 6.-klassingar, der det blir leita etter samanfall med bokmål, ein studie utført hovudsakleg for å kunne danne eit empirisk grunnlag for at nynorskelevar må få eigne opplæringslover og ein eigen språkdiraktikk. Bjørhusdal & Juuhl (2017, s. 96) skriv at ein av grunnane til at dei

nettopp har studert normavvik på mellomtrinnet, er fordi elevar på dette tidspunktet har rett til å få all undervisning lagt til hovudmålet sitt, ein rett som tek slutt når dei byrjar på ungdomsskulen. Elevane i studien min går som nemnt i 9.-klasse, og dermed er denne retten ikkje lenger gjeldande for dei. Røhme (2020, s. 50) konkluderer også med at det burde kome eit større fokus på den opplæringa nynorskelevar får i hovudmålet sitt, og meiner at ei betre opplæring for nynorskelevar både vil kunne tryggje elevane si rettskrivingskompetanse samt sikre nynorsken som skriftspråk.

For nokre, forskning syner i større grad jenter, kjem språkforståing og språkkunnskapar lettare fordi ein har eit medfødt språkøyre, medan det for andre kan vere vanskelegare å lære seg å skrive korrekt. Som vi ser, er det ein lang veg å gå, særleg for nynorskelevane, før dei meistarar å skrive normert nynorsk på det nivået dei skal kunne det jf. kompetansemålet etter 10. trinn. Tilsynelatande er der også att eit godt stykke til nynorskelevane meistarar å skrive korrekt på hovudmålet sitt i like stor grad som det bokmålelevane i Nord-Noreg gjer på det same tidspunktet i løpet av skulegangen.

Det kan verke som om der eksisterer ein liten «skrivekonkurransse» mellom den dialektale skriving som går føre seg på fritida og nynorskskriving i skulen. Ein kan ikkje bestemme eller påverke kva ungdomen driv med på fritida, eller kva for språk eller dialekt dei skriv på når dei brukar store delar av livet sitt på sosiale medium. Difor er kanskje den beste måten å endre denne uheldige statistikken på, å setje inn større tiltak i skulen for å betre og heve kompetansen og opplæringa nynorskelevane får i hovudmålet sitt (jf. Bjørhusdal & Juuhl, 2017; Røhme, 2020). Ei styrking av nynorskbrukarane si hovudmålsopplæring, vil gi auka kompetanse på generell basis og gjere fleire tryggare. Kanskje kan dette føre til at elevane held fast ved nynorsken i vidaregåande opplæring og også i vidare skulegang og yrkesliv.

Litteraturliste

- Baron, N.S. (2008). *Always On. Language in an Online and Mobile World*. Oxford University Press.
- Bjørhusdal, E. & Juuhl, G. K. (2017). Bokmålsavvik frå nynorsknorma i sjetteklassetekstar. *Maal og minne* (109).
- Blommaert, J. (2013). Writing as a sociolinguistic object. *Journal of Sociolinguistics* 17 (4).
- Blommaert, J. & Velghe, F. (2014). Learning a supervernacular. Textspeak in a South African township. I A. Blackledge & A. Creese (red.), *Heteroglossia as practice and pedagogy* (s. 137–154). Springer.
- Bludd, E.K. (2022). Kan tospråklighet bidra til å holde deg ung og frisk? UiT Norges Arktiske Universitet. <https://uit.no/finnplassendininord/forskning-tospraklighet> Bourdieu, P. 1991. *Language and symbolic power*. Polity Press.
- Bourdieu, P. (2002). Habitus. In: Hillier J, Rooksby E (eds) *Habitus: A Sense of Place*, pp. 27–34. Burlington, VT: Ashgate.
- Brekke, M. B. R. (2007). Gutter ut av rekken går. Betydningen av kjønn og sosial bakgrunn for skoleresultater (Masteroppgave). Universitetet i Bergen.
- Eide, O. (2020). Dialektar i Gloppen og Nordfjordeid. [Datasekk].
- Furseth, I. & Everett, E. L. (2020). *Masteroppgaven*. Cappelen Damm Akademisk.
- Dürscheid, C. (2015). Interaktionsräume ohne Grenzen? Texte in den neuen Medien. I M. Dalmas mfl. (red.), *Texte im Spannungsfeld von medialen Spielräumen und Normorientierung* (74–88). Iudicum.
- Giles, H. & Smith, P. (1979). Accommodation Theory. Optimal Levels of Convergence. In Howard Giles, & Robert N. St. Clair (eds.), *Language and Social Psychology*, 45–65. Basil Blackwell.
- Gunnerud, S. M. (2016, 6. oktober). Ny statistikk: Elever går over til bokmål på videregående. <https://www.riksmalsforbundet.no/statistikk-elever-gar-bokmalpa-videregaende/>
- Hansen, E. (1996). „Dialektene i Nordland», i Jahr, E. H. & Skare, O. (red.) *Nordnorske dialektar*. Novus, 121-134.
- Hellevang, A. K. A. & Helset, S. J. (2022). Normkompetanse hos vg3-elevar med nynorsk som hovudmål – ein studie av avvikstypar og mogleg påverknad frå dialekt og bokmål. I S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Form og formidling knytt til nynorsken* (s. 45–67). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.175> Lisens: CC-BY 4.0

- Helset, S. J. & Brunstad, E. (2020). Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventingar mellom ungdommar i det nynorske kjerneområdet. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 93–118). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Helset, S. J. (2021). Norm competence among multilingual youth in Western Norway. I L. Grenoble, P. Lane & U. Røyneland (Ed.), *Linguistic Minorities in Europe Online*. De Gruyter Mouton. <https://doi.org/10.1515/lme.14813238>
- Hårstad, S. (2021a). Digital skrivning under den sosiolingvistiske lupen: Har det skjedd en språklig revolusjon? I L. Jølle, A. S. Larsen, H. Otnes & L. I. Aa (Red.) *Morsmålsfaget som fag og forskningsfelt i Norden*. Universitetsforlaget. <https://doi.org/10.18261/9788215050997-2021-03>
- Hårstad, S. (2023). Språkkulturar i endring: Oppmoding om ein norsk skriftsosiolingvistikk. I A. Neple, S. J. Helset & E. Brunstad (Red.), *Nynorsk samtidslitteratur og skriftkultur. Festskrift til Geir Hjorthol* (Kap. 9, s. 189–216). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.204.ch9>
- Kunnskapsdepartementet. (2019). *Læreplan i norsk (NOR01-06)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
- Lillis, T. (2013). *The Sociolinguistics of Writing*. Edinburgh University Press. <https://doi.org/10.1515/9780748637492>
- Lunde, K. & Røyneland, U. (2023). Prosedyre for innsamling av private meldingar. <https://osf.io/jn5t2/>
- Mortensen, K.M. & Stæhr, A.C. (2018). Introduktion – Sprog og sociale medier. I A.C. Stæhr & K.M. Mortensen (red.), *Sociale medier og sprog. Analytiske tilgange* (s. 9–28). Samfundslitteratur.
- Mæhlum, B. & Røyneland, U. (2012) *Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter*. Cappelen Damm Akademisk.
- Postholm, M. B. & Jacobsen, D. I. (2018). *Forskningsmetode for masterstudenter i lærerutdanning*. Cappelen Damm Akademisk.
- Røhme, T. Ø. (2020). *Bokmåls- og talemålsavvik i nynorske elevtekstar. Ein kvantitativ studie om bokmåls- og talemålsavvik i tekstar skrivne av elevar med nynorsk som hovudmål* [Masteroppgåve, UiT Noregs Arktiske Universitet]. Munin. <https://munin.uit.no/handle/10037/18872>

- Røyneland, Unn, & Øystein A. Vangsnes. 2020. JOINA DU KINO IMÅRGÅ? Ungdommars dialektkriving på sosiale medium [Adolescents dialect writing on social media]. I Kristin Hagen, Arnstein Hjelde, Karine Stjernholm, & Øystein A. Vangsnes (eds.), *Bauta: Janne Bondi Johannessen in memoriam*, Oslo Studies in Language 11(2). 357–392. <https://doi.org/10.5617/osla.8508>
- Sebba, M. (2007). *Spelling and Society*. Cambridge University Press.
- Skjelten, S. M. (2013). *Jakta på kvalitetsforskjellar i elevane sine tekstar: kva skil gode tekstar frå middels gode?* [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo]. Duo vitenarkiv. <https://www.duo.uio.no/handle/10852/35770>
- Spitzmüller, J. (2012). Floating ideologies: Metamorphoses of graphic ‘Germanness’. I A. Jaffe, J. Androutsopoulos, M. Sebba & S. Johnson (Red.), *Orthography as Social Action. Scripts, Spelling, Identity and Power* (s. 256–288). De Gruyter Mouton. <https://doi.org/10.1515/9781614511038.255>
- Strand, S.E. (2018). «Hvis æ skriv bokmål te nån av trondheimsvennan mine så får æ kjeft for at æ har blitt så fin» – En sosiolingvistisk studie av språkbruk på Messenger (Masteroppgave i nordisk språkvitenskap). Trondheim: NTNU. <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnuxmlui/bitstream/handle/11250/2563632/Solveig%20E.%20Strand%2C%20masteroppgave.pdf>
- Støfring, A. S. (2019). Rettskriving i nynorsk og bokmål: Ein studie av substantiv og verv i tekstar skrivne av elevar på 7. trinn [Masteroppgåve, Høgskulen på Vestlandet]. HVL Open. <https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/2605894/Stoefring.pdf?sequence=1&isAllowed=y>
- Søyland, A. (2002). Typar feil i nynorsk. Språkrådet. <https://www.sprakradet.no/localfiles/nyno02aso.pdf>
- Thurlow, C. (2006). From Statistical Panic to Moral Panic: The Metadiscursive Construction and Popular Exaggeration of New Media Language in the Print Media. *Journal of Computer-Mediated Communication*, 11(3), 667–701.
- Tjora, A. (2013). *Kvalitative forskingsmetoder i praksis*. (2. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Utdanningsdirektoratet. (2020). *Læreplan i norsk*. (NOR01-06). Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/nor01-06>
- Vangsnes, Ø. A. 2019. Dialekt i sosiale medium – det norske perspektivet [Dialect in social media - the Norwegian perspective]. *Språk i Norden*. 94–109.

- Vangsnes, Ø. A., Söderlund, G. B. W., & Blekesaune, M. (2017). The effect of bidialectal literacy on school achievement. *International Journal of Bilingual Education and Bilingualism*, 20(3), 346–361. <https://doi.org/10.1080/13670050.2015.1051507>
- Wold, I. (2019). Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar om språkbortval i randsoner. *Målbryting*, 10. 77–99.